



RAPPORT OG PLANAR 2011 - 2012



HØGSKULEN I VOLDA

Innhold

1. INNLEIING.....	2
STYRETS VURDERING AV EIGE ARBEID	2
STRATEGIPLAN	3
UTFORDRINGAR OG SENTRALE RISIKOVURDERINGER.....	5
2. RESULTATRAPPORTERING FOR 2011	7
<i>Sektormål 1 - utdanning</i>	<i>7</i>
<i>Sektormål 2 - forskning.....</i>	<i>16</i>
<i>Sektormål 3 - formidling</i>	<i>20</i>
<i>Sektormål 4 - organisering</i>	<i>26</i>
3. PLANAR FOR 2012	36
<i>Sektormål 1 – utdanning</i>	<i>36</i>
<i>Sektormål 2 - forskning.....</i>	<i>41</i>
<i>Sektormål 3 - formidling</i>	<i>43</i>
<i>Sektormål 4 - organisering</i>	<i>47</i>
3.2 PLAN FOR TILDELT LØYVING 2012	51

1. Innleiing

Kapittel 1 omhandlar det som vi ser på som dei største utfordringane våre og ei oppsummering av strategiane våre. Dette kapitlet har eit meir langsigkt perspektiv enn dei to andre kapitla. Kapittel 2 er resultatrappport for 2011 og kapittel 3 er planar for 2012.

Under utfordringar i kapittel 1 vurderer vi dei sentrale risikoane våre, medan vi i kapittel 3 er meir konkrete i risikovurderingane, men vi konsentrerer oss likevel om dei risikoane vi meiner er dei mest sentrale, og vi har relatert dei til aktuelle verksemmdmål.

Det har vore halde sju styremøte i 2011, og det har vore arrangert eitt styreseminar der det sentrale temaet var studieporteføljen - strategiske vurderingar, kvalitetsutvikling og internasjonalisering.

Høgskulen i Volda (HVO) har fire avdelingar, og i dokumentet er forkortingane nytta:

AKF - Avdeling for kulturfag

ASH - Avdeling for samfunnsfag og historie

AMF - Avdeling for mediefag

AHL - Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning

Styrets vurdering av eige arbeid

Rektoratet så vel som dei fleste andre medlemmane i styret er nye frå sommaren 2011. Grunnlaget for denne evalueringa er dermed avgrensa, men vi sette av litt tid til saka på januarmøtet. Der kom det mellom anna fram at kvaliteten på saksutgreiingane vert oppfatta som god, men i somme saker kan ein gjerne få tydelegare fram kva styret særleg bør vurdere.

Det vert opplevt som positivt at vi no i starten av styreperioden bruker vel ein time før kvart møte til å bli kjende med dei ulike avdelingane. Diskusjonane i styret er saklege og møteleiinga ryddig. Sidan dei skriftlege saksframstillingane vanlegvis er grundige, finn styret at dei munnlege innleiingane frå administrasjonen i somme saker kan gjerast kortare – slik at ein heller får betre tid til sjølve ordskiftet.

Både studentane og andre nyvalde interne representantar har etterlyst ei innføring i styrearbeidet og dei ulike rollene. For å kome dette behovet i møte arrangerer vi i mars eit halvdagseminar med ekstern kurshaldar.

Dei ulike erfaringsbakgrunnane til styremedlemmane er av stor verdi for arbeidet. Stemninga i møta har så langt vore god, og vi ser fram til fleire spennande diskusjonar om framtida for høgskulen.

Strategiplan

Visjon

Kunnskap for framtida

Verdiar

Høgskulen i Volda (HVO) skal halde høgt verdiar som tillit, respekt, openheit og ærleg framferd. HVO skal vere ein inkluderande, kritisk og uavhengig institusjon.

Samfunnsoppdraget

Utdanning, forsking, formidling og utvikling.

I 2020 skal Høgskulen i Volda vere

- ein institusjon som gir profesjonsutdanninger på BA- og MA-nivå for skule og barnehage, velferd, media og kultur
- ein institusjon som byggjer på det fremste innanfor forsking, utviklingsarbeid og erfaringsskunnskap
- nasjonalt leiande innanfor yrkesretta medieutdanning og anvendt medieforskning
- ein institusjon med eit særleg ansvar for nynorsk i fag- og profesjonsutdanning
- ei drivande kraft i livslang læring prega av pedagogisk innovasjon for læring i eit digitalt samfunn
- aktivt samarbeidande med andre institusjonar i inn- og utland
- ein viktig samarbeidspartner i regional utvikling
- ein institusjon med eit levande, attraktivt og godt studiemiljø og med tett kontakt mellom lærar og student og mellom studentar

Utdanning og studiemiljø

- Utdanningane ved HVO skal utvikle kunnskap, samfunns- og kulturforståing, evne til kritisk refleksjon og kvalifisere til arbeid i eit fleirkulturelt samfunn
- HVO skal byggje verksemda si på profesjonsretta grunnutdanninger av høg kvalitet
- HVO skal utvikle fleksible femårige utdanningsløp med utgangspunkt i BA-utdanningane
- HVO skal legge til rette for og stimulere til livslang læring i nært samspel mellom utdanning og arbeidsliv, forsking og utviklingsarbeid
- HVO skal oppretthalde og utvikle eit godt, inkluderande og oversiktleg studiemiljø i nært samarbeid med studentorganisasjonar, studentsamskipnad og lokalsamfunnet
- HVO skal styrke det internasjonale tilbodet i utdanningane både i omfang og kvalitet
- HVO skal ha høg kvalitet i samlingsbasert og nettbasert utdanning

Forsking og utviklingsarbeid

- HVO skal drive forsking og utviklingsarbeid på høgt nivå
- HVO skal stimulere til tverrfagleg forskings- og utviklingsarbeid
- FoU-arbeidet skal gi utdanningane eit solid grunnlag og medverke til regional og nasjonal utvikling
- HVO skal gi studentar innsikt i og erfaring med FoU-arbeid
- HVO skal organisere forskingsinnsats i større, integrerte FoU-miljø og program med tydeleg leiing
- HVO skal samarbeide aktivt i nettverksorganiserte kvalifiseringsprogram og forskarskular

Samfunnsoppdrag og kunnskapsdeling

- HVO skal vere ei kunnskapsbasert og kritisk røyst i samfunns- og utdanningsdebatten
- HVO skal samarbeide aktivt med offentlege verksemder og næringsliv
- HVO skal stimulere til kunnskapsdeling og dialog knytt til høgskulen si utdannings-, utviklings- og forskingsverksemd
- HVO skal styrke den regionale og nasjonale rolla som kunnskapsaktør og utviklar av kompetanse

Organisering, personalpolitikk og administrasjon

- HVO skal satse sterkt på aktiv rekruttering og kompetanseheving av medarbeidrarar
- HVO skal til kvar tid ha ein oppdatert og velfungerande infrastruktur
- HVO skal gjennom eigen personalpolitikk medverke til eit godt arbeidsmiljø og eit mindre kjønnsdelt arbeidsliv
- HVO skal ha ein målretta seniorpolitikk

Samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon

- HVO skal samarbeide med leiande fagmiljø nasjonalt og internasjonalt for å fremje kvalitet i undervisning, forsking, utviklingsarbeid og administrasjon
- HVO skal samarbeide med andre utdanningsinstitusjonar med sikte på arbeidsdeling og konsentrasjon for å tryggje høgskulen si framtid og regionen sitt framtidige kompetansebehov.

Tiltak i perioden 2011 til 2014

- Etablere masterstudium på AMF
- Etablere femårig grunnskulelærarutdanning på masternivå
- Etablere treårig kulturskulelærarutdanning
- Satse sterkare på kompetansebygging og forsking knytt til førskulelærarutdanninga
- Satse sterkare på kompetansebygging og rekruttering av fagfolk
- Organisere forskingsinnsats i større integrerte program med nasjonale og internasjonale nettverk
- Etablere forskarskular i samarbeid med UH-nett Vest
- Styrke det internasjonale tilbodet i utdanningane ved å tilby undervisning og pensum på engelsk i utvalde program/emne.
- Utvikle det faglege og organisatoriske samarbeidet innan UH-nett Vest, Mørealliansen og andre relevante fagmiljø nasjonalt og internasjonalt

Utfordringar og sentrale risikovurderingar

Rekruttering av studentar

Utviklinga i 2011 viste nok ein gong fin auke i søkera til fleire av profesjonsutdanningane, men vi er framleis ikkje nøgde med talet på søkerar til lærarutdanningane – særleg ikkje til GLU 1-7. Resultata for kandidatproduksjonen viser samla sett god oppgang. Oppgangen gjeld først og fremst PPU og masterkandidatar. Vi har for stort fråfall underveis i studiet på nokre utdanningar. Difor meiner vi at den største utfordringa for Høgskulen i Volda framleis er å rekruttere tilstrekkeleg med gode studentar til dei fleste profesjonsutdanningane. No når lærarutdanninga er lagt om, er det viktig å auke rekrutteringa monaleg for at vi skal kunne gje eit godt utdanningstilbod. Med unntak av medieutdanningane er studia våre profilerte mot offentleg verksemd og spesielt kommunal verksemd. Storparten av studentane ved desse utdanningane er frå regionen og vi utdannar til arbeid i regionen.

Den manglande nasjonale og regionale rekrutteringa av studentar til velferdsstatens yrker er ei stor utfordring for regionen og for høgskulen. Til dømes utdanna Høgskulen i Volda 124 lærarar i 2011 (allmenn og PPU), medan behovet i regionen vil vere nærmere 500 i året dei komande 10 åra. Høgskulen i Volda vil arbeide systematisk for å auke rekrutteringa til profesjonsutdanningane.

Rekruttering og kvalifisering av tilsette

Høgskulen i Volda har ein fagstab på 200 på heiltid og deltid. På grunn av aldersstrukturen må minst 1/3 av staben fornyast dei komande 10 åra. Spesielt er det ei utfordring å rekruttere nye medarbeidarar med høge kvalifikasjoner. Dei fleste av våre professorar og dosentar har vi kvalifisert sjølve. Manglande toppkompetanse kan bli ein flaskehals for fagleg utvikling. Høgskulen i Volda vil satse på å rekruttere nye medarbeidarar. Gjennom stipendiatprogram, forskingsprogram, førstelektorutdanningar, kvalifiseringsmidlar og forskings- og utviklingsprosjekt vil vi vidareutdanne og kvalifisere eigne medarbeidarar.

Forsking og utviklingsarbeid

Høgskulen i Volda har auka forskings- og publiseringssverksemda i 2011, men fleire medarbeidarar burde ta del i denne verksemda. Dette krev:

- tydelegare profilering av forskingsverksemda og konsentrasjon av FoU-ressursar på utvalde område i periodar
- betre forskingsleiing på operativt nivå – arbeide fram gode prosjektsøknader, drive kollegarettleiing og interne forskingsseminar
- betre gjennomstrøyming av doktorgradskandidatar
- rekruttering av nye fagtilsette på toppnivå
- kontinuerleg kompetanseheving på alle nivå
- at vi utnyttar eigarskapen til og samarbeidet med Møreforskning til å utvikle felles forskingssatsingar

Samarbeid

Den største samarbeidsutfordringa i tida framover er å utvikle eit godt samarbeid gjennom UH-nett Vest om dei nye grunnskulelærarutdanningane. Med dei søkeratala som vi har no på GLU 1-7, bør vi truleg samarbeide om dei fleste faga for å drive på ein økonomisk forsvarleg måte. Vi ser også samarbeidsutfordringar når det gjeld å få til forskarskular i nettverk.

Geografisk plassering

Vi har ei utfordring i å få dei sentrale styresmaktene til å innsjå at høgskular i distrikta også har ei framtid. Vi bør framheve og arbeide vidare med dei sterke sidene våre som nettopp kjem av den plasseringa vi har:

- Studiemiljøet ved Høgskulen i Volda har eit godt rykte. Den intime atmosfæren, dei korte avstandane og den tette koplinga mellom høgskulen og kulturbygda Volda, gjer at mange finn seg godt til rette – til dømes er 80 % av journaliststudentane frå andre delar av landet. Velferdsundersøkinga i 2011 stadfestar vårt gode rykte.
- Vi har bygd ut eit stort spekter av netttilbod og andre fleksible utdanningstilbod i samarbeid med regionen og det regionale næringslivet.

Med betra vegsamband har vi fått utvida det regionale nærområdet til over 70 000 innbyggjarar innanfor ein time reisetid, ei befolkning av same storleik som i nærområdet til Bodø.

Arealbehov

Høgskulen i Volda fekk nytt kontorbygg i 2010. Det ga oss ein netto auke i talet på kontorplassar på 32 då vi sa opp leigeavtalen i eit eldre svært därleg bygg og gjennomførte nokre ombyggingar. Likevel opplever vi stort press på infrastrukturen vår. For tida har vi ein slakk på 10-12 kontor. Det er for lite med det aktivitetsnivået vi har i dag. Vi treng difor 20-30 nye kontorplassar. Med den auken i aktiviteten som har vore dei seinare åra, har vi og mangel på undervisingsrom med plass til 50-60 studentar. Vi treng 5-6 nye rom i denne storleiken. I tillegg har vi behov for nokre grupperom. I alt har HVO behov for om lag 1500 m² meir areal med den aktiviteten vi har no.

HVO er i dialog med Volda kommune om oppføring av eit fleirbruksbygg. I dette bygget er det tenkt at vi kan få dekt arealbehova våre. I tillegg er planen at vi kan få plass til ulike typar næringsverksemd som er knoppskytingar frå våre fagmiljø.

Det hastar med å finne løysing på arealbehova. HVO er blant dei tre høgskulane med færrast m² pr. student. Då reknar vi med eit idrettsbygg på 4270m² som vi ikkje får utnytte på ein god måte slik idrettsstudiet har utvikla seg. Det er eit stort press på areal i heile sektoren. Køane til Statsbygg er lange. Dersom vi hadde satsa på ei løysing gjennom Statsbygg, ville det tatt mange år. Eit samarbeid med Volda kommune kan føre til ei rask og smidig løysing dersom KD hadde hjelpt oss med auka husleigekostnader.

2. Resultatrapportering for 2011

Sektormål 1 - utdanning

Høgskulane skal tilby utdanning av høg internasjonal kvalitet som er basert på det fremste innan forsking, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid og erfaringsskunnskap

Verksemdmål 1.1 (KD): Høgskulen i Volda skal utdanne kandidatar med høg kompetanse og med relevans for behova i samfunnet

Resultatmål:

- **Opptaket på dei fleirårige studia skal auke med 5% i 2011**

I 2011 tok vi opp 550 studentar på desse utdanningane. Det er 35 meir enn i 2011 (515) og det gir ein auke på om lag 7 %.

- **Høgskulen i Volda skal utdanne minst 260 bachelorkandidatar**

Vi har utdanna 264 bachelorkandidatar og nådd måltalet.

- **Høgskulen i Volda skal utdanne minst 35 masterkandidatar**

Vi har utdanna 52 masterkandidatar og nådd måltalet med god margin.

- **Høgskulen i Volda skal utdanne minst 60 allmennlærarkandidatar og 50 PPU-kandidatar**

Vi har utdanna 55 allmennlærarkandidatar og 69 PPU-kandidatar.

- **Høgskulen i Volda skal vidareutvikle fleksible utdanningstilbod – spesielt innan profesjonsutdanningane og vidareutdanningar retta mot lærarar**

Dette har vi prioritert. I dag tilbyr HVO fleksible deltidsstudium i dei fleste skulefaga. For tida har vi desse tilboda:

1. Profesjonsutdanningar: Arbeidsplassbasert førskuleutdanning (ABF) – 4-årig førskulelærarutdanning, GLU 1-7 deltid i samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane
PPU-deltid yrkesfag, PPU- deltid allmennfag
2. Vidareutdanningar: Vi registrerer at det er stor søknad til desse studia og mange av studia rekrutterer nasjonalt. HVO har tilrettelagt for deltidsstudenten – organisering og arbeidsmåtar er så langt råd tilpassa studenten sine behov. Stikkord her er modulisering av studia i emne av 15 stp, tilpassa eksamensform og god og rask rettleiing og tilbakemelding.

HVO tilbyr fleksible deltidsutdanningar i dei fleste skulerelevante fag. Studia er organiserte som reine nettstudium eller som samlingsbaserte med nettet som læringsarena. Høgskulen gir også tilbod om desentralisert eksamen for kandidatar som ikkje har høve til å kome til Volda for å ta skriftleg skuleeksamen. Særleg norsk, historie, samfunnsfag og RLE har god søknad. Av nye fleksible studium hausten 2011 bør nemnast Barnehagepedagogikk, Mentorutdanning 2 og Norsk som andrespråk og fleirkulturell pedagogikk.

- **Høgskulen i Volda skal ta opp minst 100 studentar til grunnskulelærarutdanningane, av desse skal minst 60 vere på 1-7 (inkludert deltidsutdanninga)**

Dette målet har vi ikkje nådd. På 1-7 tok vi opp 27 på heiltid og 26 på deltid saman med Høgskulen i Sogn og Fjordane (på Sandane). På 5-10 tok vi opp 47.

- Høgskulen i Volda skal ta opp minst 120 sosialfagstudentar**

Vi tok opp 151 studentar på sosialfag.

Styringsparameter	Resultat				Ambisjons-nivå	Resultat
	2007	2008	2009	2010		
Talet på primærsøkjarar per studieplass	1,2	1,3	1,3	1,3	1,5	1,3
Talet på studietilbod i samarbeid med andre institusjonar	2	1	5	5	7	3
Utekaminerte kandidatar på bachelorprogram	198	259	245	288	260	264
Utekaminerte masterkandidatar	24	38	29	30	30	52
Utekaminerte allmennlærarkandidatar	90	53	53	64	60	55
Utekaminerte PPU-kandidatar	60	51	69	44	50	69
Opptak til GLU				80	100	84
Opptak til sosialfag		118	126	124	120	151
Primærsøkjarar i samordna opptak	1 161	1 270	1 312	1 187	1 300	1 349
Registrerte heiltidsstudentar	2 329	2 398	2 468	2 654	2 700	2 769
Studiepoengproduksjon, nye eigenproduserte	1 858	1 826	1 912	1 973	2 150	2 246

Kommentarar:

Sjølv om vi hadde ein bra auke i talet på nye studentar i 2011, har vi framleis ikkje god nok rekruttering til grunnskulelærarutdanninga 1-7. Forklarinaga kan delvis ligge i låg status for barneskulelærarar, usikkerheit knytt til lærarutdanninga generelt, og høgkonjunktur med lett tilgang på godt løna arbeid i privat sektor. Følgjene for Høgskulen i Volda kan bli alvorlege. Vi kan til dømes ikkje gi tilbod om mange ulike fagval i studiet. Det er for dyrt å tilby undervisning til små grupper. Risikoer er at vi, ved å fjerne muligheten til å velje fleire fag, blir mindre attraktive for søkerarar. Utdanningsdirektoratet forventar at vi innan UH-nettvest skal tilby alle skulen sine fag. Høgskolen i Bergen har god rekruttering til GLU 1-7, og vil kunne gi tilbod om dette. Ei slik sentralisering til Bergen er uønskt, og HVO må difor ha ein dialog med Høgskulen i Sogn og Fjordane og Høgskulen Stord/Haugesund om å samordne eit tilbod innanfor alle skulefag. Dette inneber ei ny form for samordning og krev mykje planlegging. Vi må satse på det virtuelle klasseromet og e-læring. Vi må gi opplæring til dei fagleg tilsette og investere i nytt utstyr. Slike utstyr er prioritert på budsjettet for 2012.

Auken i talet på studentar ga store utslag på studiepoengproduksjonen i 2011 som var den største nokon gong. Hausten 2011 var det registrert rekordstort tal på heiltidsekvivalentar.

Vi legg stor vekt på å rekruttere dyktige fagfolk og å gi dei gode vilkår for kompetanseutvikling og vil auke innsatsen her i 2012. På den måten legg vi til rette for god undervisning og eit godt omdøme. Vi trur at risikoer for rekrutteringssvikt minskar noko som følgje av større ungdomskull dei nærmaste åra.

Eit trugsmål mot fagporteføljen vår, både ved HVO og nasjonalt, er at den valfrie delen av den nye grunnskulelærarutdanninga er redusert. Dette vil kunne føre til at dei praktisk-estetiske fagtilboda får ein mindre plass i denne utdanninga, og at det blir vanskelegare å oppretthalde desse fagmiljøa. Som eit mottiltak arbeider vi vidare med utvikling av eit utdanningstilbod for kulturpedagog som vi på sikt skal kunne tilby.

Bachelorgrad sett saman av undervisningsfag + PPU har lenge vore ein veg til læraryrket. Dersom PPU vert reservert for dei med mastergrad, vil samfunnet kunne gå glipp av mange potensielle lærarar med fagkompetanse på ei rekke område som i dag ser ut til å bli dårleg dekte i GLU. På HVO er talet på søkerar til slike BA-studium langt høgare enn talet på søkerar til GLU.

HVO har 3 profesjonsretta masterstudium (yrkesretta spesialpedagogikk, helse og sosialfag og planlegging og leiing) som har rimeleg god rekruttering (123 nye studentar i 2011 samla sett) og to fagspesifikke masterstudium (master i nynorsk skriftkultur og master i kulturmøte) som ikkje har like god rekruttering (24 nye studentar i 2011 på desse to utdanningane). Master i nynorsk skriftkultur står føre ein revisjon. I denne samanhengen diskuterer vi mulighetene for samarbeid med både kulturmøtemasteren og den nye masteren i dokumentarfilm og journalistikk.

Dette visast igjen i talet på kandidatar som vart uteksaminerte i 2011: spesialpedagogikk hadde 17 kandidatar, helse og sosialfag 16, planlegging og leiing 14, nynorsk skriftkultur 2 og kulturmøte 3 kandidatar. Vi meiner likevel at det er viktig å oppretthalde eit vist tal mastergrader for å kunne rekruttere og halde på fagtilsette med høg kompetanse.

HVO har sendt søknad til NOKUT for akkreditering av ein master i dokumentarfilm og journalistikk, og vi reknar med at den vil få god rekruttering. Arbeidet med å utvikle grunnskulelærarutdanning på masternivå er i gang. Noverande master i spesialpedagogikk vert justert til ein lærarmaster med spesialiseringar i spesialundervisning, norsk eller matematikk – og med opning for at andre skulefag kan kome til seinare.

Det blir arbeidd med masteremne på kulturfag, men ein full master ligg noko fram i tid. Ut over dette har ikkje HVO konkrete planar om fleire masterutdanninger.

Verksemål 1.2 (KD): Høgskulen i Volda skal tilby eit godt læringsmiljø med undervisnings- og vurderingsformer som sikrar fagleg innhald, læringsutbytte og god gjennomstrøyming

Resultatmål:

- **Høgskulen i Volda skal halde fram med implementeringa av kvalifikasjonsrammeverket i studieplanarbeidet**
Dette er ein kontinuerleg prosess, og det er dekanane som godkjenner revisjonen av eksisterande studie- og emneplanar. Vi arbeider framleis med at alle planar skal bli i tråd med kvalifikasjonsrammeverket. Mange fagmiljø er komne langt i dette arbeidet, men implementeringa av rammeverket krev ei ny tenking kring studieplanar, undervisning og vurderingsformer og slike omfattande endringar tar tid.
- **Høgskulen i Volda skal stimulere til god dialog mellom tilsette og studentar om innhald og kvalitet i studietilboda. Studenttinget skal få timeplanfesta tid til informasjonsarbeid om studentdemokratiet**

Vi har revidert kvalitetssystemet og fokusert enda meir på fagutvala. Vi har laga rolleskildringar for studieprogram- og emneansvarleg og medlemmar i fagutvala. Rektor og studiedirektør har følgt opp vala av tillitsvalte studentar i avdelingane.

- **Høgskulen i Volda skal informere om kvalitetsarbeid og gi betre informasjon om temaet på nettsidene**

I etterkant av revisjonen av kvalitetssystemet har vi laga ei tydlegare nettside for kvalitetsarbeid, ansvar, rolleskildringar, rutinar og ulike malar for kvalitetsarbeidet.

- **Høgskulen i Volda skal kople arbeidet med implementering av kvalifikasjonsrammeverket mot arbeidet med kvaliteten i studieprogramma**

Ved implementeringa av kvalifikasjonsrammeverket vart fagmiljøa oppmoda til å bruke både tidlegare og noverande studentar, ulike arbeidsgivarar i praksisfeltet og kollegar ved andre institusjonar til å vere med på å gi innspel undervegs i omskrivingsprosessen; Spesielt når det gjaldt utdanningane sitt innhald og læringsutbytte slik at dette avspeglar ein god samanheng til behova i samfunnet. Vi har ikkje oversikt over kor mange som følgde oppmodinga, men har fått tilbakemelding frå nokre som opna planprosessen sin for eksterne innspel om at dei hadde veldig god nytte av det. Studieplan- og studiekvalitetsarbeid er eit kontinuerleg forbettingsarbeid, så denne opninga til samfunnet rundt vil alltid vere viktig. Det er sett av ressursar til rullerande evalueringar av studieprogram, og nye studium og emne skal alltid vere fagfellevurderte før vi formelt godkjenner dei.

- **Høgskulen i Volda skal ligge på nasjonalt gjennomsnittsnivå når det gjeld studiepoengproduksjon pr. heiltidsstudent**

Studiepoengproduksjonen pr. heiltidsstudent er 48,8 i 2011. (tala for resten av sektoren kjem seinare).

- **Høgskulen i Volda skal gjennomføre brukarundersøkingar om studentvelferd, studiestart i 2011 og programevalueringar**

Læringsmiljøutvalet har i samarbeid med Møreforsking gjennomført ei velferdsundersøking. Den vart lagd fram for styret på møtet i juni. Undersøkinga viste at eit klart fleirtal av studentane trivst godt, er nøgde med studia og vil tilrå andre å studere i Volda. Studiestartundersøkinga som informasjonskontoret har fått gjennomført viser at personleg kontakt, nettsida hivolda.no og studentar/tidligare studentar er dei viktigaste kanalane for informasjon. HVO-tilsette vert opplevde som positive og imøtekommende, men informasjonen til nye studentar har eit betringspotensiale.

Strategisk studienemd har bestemt at følgjande program skal evaluerast: Master i Nynorsk skriftkultur, Master i helse- og sosialfag, Bachelor i PR, kommunikasjon og media og Bachelor i media, IKT og design.

- **Høgskulen i Volda skal arbeide med eit prøveprosjekt knytt til podcasting av undervisninga for utvalde fag**

Dette prosjektet inngår i eit nytt og større prosjekt om elæring, og det har blitt lagt på is i si opphavlege form.

- **Høgskulen i Volda skal prioritere arbeidet med oppfølginga av NOKUT si evaluering av førskulelærarutdanninga**

Det er sett ned to prosjektgrupper. *Prosjektgruppe 1* arbeider med programinnhald/oppbygging av FLU, modellutvikling for samhandling mellom teori og praksis, undervisningsomfang, studentrelaterte endringar, internasjonalisering og vidareutdanning av praksislærarar. Mange av dei tiltaka som er foreslått, er blitt lagt på vent fordi vi får ny rammeplan frå august 2012. Her vil

det kome føringar på programinnhald og oppbygging av FLU, undervisningsomfang, studentrelaterte endringar og internasjonalisering. Det vil kome relativt store endringar her. *Prosjektgruppe 2* tar for seg plan for kompetanseheving av fagleg tilsette og auka stabilitet, plan for FLU-orientert FoU-arbeid og synleggjering av FoU i praksis (hos studentar, i barnehagar, i regionen).

Når det gjeld vidareutdanning av praksislærarar, så har vi lyst ut *Mentor 1* som er rettleiingskurs for praksislærarar. Vi marknadsfører dette også i forum der vi har barnehageeigarar (fagsamling med fylkesmannen) og praksislærarar og styrarar. Kurset vert også marknadsført gjennom dei kanalane som HVO elles brukar.

- Handlingsplanen for inkluderande læringsmiljø skal reviderast i 2011**

Planen har vore revidert og godkjent i styret i juni 2011.

Styringsparameter	Resultat					Ambisjons nivå	Resultat
	2007	2008	2009	2010	2011		
Nye studiepoeng pr eigenfinansiert heiltidsstudent per år	50	50	50	47	50		48,8
Studentar pr undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling	17,0	17,5	16,2	16,8	16		18,4
Gjennomføring i høve avtalt utdanningsplan i prosent	84,6	85,6	84,5	85,4	86		83

Kommentarar:

Vi har ikkje nådd målet om 16 studentar pr undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling fordi vi har hatt rekordmange studentar hausten 2011. På sikt er det viktig at studenttalet og talet på faglege tilsette samsvarer betre. Det er blitt arbeidd godt med å følge opp alle resultatmåla under 1.2. Vi er mål med det meste. Revisjonen av kvalitetssystemet er blitt prioritert. Studiestartundersøkinga er gjennomført. Oppfølginga av NOKUT-evalueringa av førskulelærarutdanninga blir tatt godt hand om. Det blir laga ein rapport om dette arbeidet.

Verksemdmål 1.3 (KD): Høgskulen i Volda skal ha eit utstrekkt internasjonalt utdanningssamarbeid som har høg kvalitet, og som medverkar til auka utdanningskvalitet

Resultatmål:

- Høgskulen i Volda skal gjennomføre dei to eksisterande IP-prosjekta (Intensive Projects – Life Long Learning Programme) i 2011 og arbeide for at dei skal bli vidareført også i 2012. Samstundes skal vi arbeide for å auke talet på IP-ar.**

HVO gjennomførte IP-en «Acting for animation» i 2011 lokalisert til Swansea og Cardiff. Dette var ein stor suksess. Vi har fått tilsegn om midlar til ein ny IP innan animasjon «What's Up After Uni?» som skal leggast til Estland våren 2012. AKF sin IP «Arts in education» blei ikkje gjennomført i 2011 fordi stipenddelen til utanlandske studentar vart redusert. Det bør arbeidast for å utvikle nye IP-prosjekt bygd på dei gode erfaringane vi har hatt gjennom tre år.

- **Høgskulen i Volda skal oppretthalde minst same aktivitet når det gjeld utvekslingsstudentar som i 2010 og satse ekstra på Erasmus-mobilitet**
Talet på utvekslingsstudentar på opphold meir enn tre månadar kan sjå ut til å gå ned om vi ser på statistikken frå DBH. I realiteten har vi hatt fleire studentar inn og ut, men dei har vore ute i to semester og kan berre teljast ein gong og fleire har vore på individbaserte avtaler. Utreisande studentar på Erasmus-programmet hadde ein fin auke frå berre 9 i 2009/2010 til 33 2010/2011. Vel halvparten av desse var ute i to semester.
- **Høgskulen i Volda skal arbeide for å auke praksismobiliteten gjennom Erasmus-programmet, og for å opprette eit konsortium for praksisutplassering i tett samarbeid med m.a. VRIProsjektet og ein eller fleire høgskular**
Så langt er det altfor få studentar som har reist på praksisutplassering gjennom Erasmus, men dette blir det arbeidd med. Vi har heller ikkje lagt ned tanken om å opprette eit konsortium saman med ein annan høgskule.
- **Høgskulen i Volda skal oppretthalde minst same aktivitet knytt til solidariske samarbeidsprosjekt med partnarar i Sør (Afrika, Asia, Sør-Amerika)**
Vi har hatt eitt femårig fredskorpsprosjekt knytt til sosialfag som vart avslutta i 2011 (Play Back). Prosjektet var retta mot funksjonshindra i Mathareslummen og var svært vellukka. Dette har mellom anna ført til eit nytt der AMF er involvert, eit radioprosjekt i Nairobi som er spesielt retta mot gutter.
- **Høgskulen i Volda skal i løpet av 2011 ha 10 engelskspråklege tilbod både vår og haust**
Dette målet har vi ikkje nådd. Våren 2011 hadde vi 7 tilbod på engelsk, i tillegg til 5 engelsk/engelsk emne. Hausten 2011 har vi 7 emne som blir tilbydd og to som vart kansellert på grunn av for få søkerar. Vi treng fleire tilbod, spesielt innanfor mediefaga og gjerne innan journalistikk, og vi treng å bli betre på å marknadsføre dei emna vi har og få betre fram innhaldet.

To nye emne er på trappene. Vi prøver å spele på lag med våre utanlandske partnarar når det gjeld kva emne dei er interesserte i, og vi vil prøve å halde ein høg kvalitet på dei emna vi tilbyr. Vi har eigne satsingsmidlar for utvikling av emne på engelsk, og dette er eit viktig incitament.
- **Høgskulen i Volda skal i løpet av 2011 arbeide med kvalitetsforbetring av dei engelskspråklege tilboda**
Vi arbeider kontinuerleg med dette og har mellom anna halde engelskkurs for administrative og vitskaplege tilsette.
- **Høgskulen i Volda skal legge til rette for og kvalitetssikre studieopphald ved utanlandske lærestader**
Vi arbeider kontinuerleg med å kvalitetssikre studieopphalda ved partnarinstitusjonane våre, men det kan ikkje understrekast nok kor viktig det er at dei fagtilsette kjem seg ut og gjer seg kjende med partnarar og studietilbod. Som ledd i dette arbeidet arrangerte vi i 2011 to kurs i engelsk for administrativt og fagleg tilsette.
- **Høgskulen i Volda skal utvikle tettare samarbeid med utvalde utanlandske lærestadar med sikte på systematisk samarbeid om profesjonsutdanningar på BA- og MA-nivå**
I samband med Internasjonal veke inviterer vi partnarar som vi ønskjer eit tettare og meir systematisk samarbeid med. Vi har valt fem lærestader knytt til kvar bachelor, master og lærarutdanning. Vi rettar det spesielt mot Storbritannia, der vi mellom anna samarbeider med Glamorgan om ein felles mastergrad i animasjon, og USA der vi ønskjer eit tett samarbeid med

utvalde institusjonar knytt til sosialfaga. Merksemda er også retta mot partnarinstitusjonar i Norden, Tyskland, Spania og Aust-Europa.

- Høgskulen i Volda skal legge til rette for internasjonalt fagleg samarbeid og utveksling**
Dette kan vere vanskeleg å få til fordi våre tilsette ikkje har øyremerk tid til internasjonalt fagleg samarbeid. Men fleire tilsette frå våre utanlandske partnarinstitusjonar har besøkt oss, og tilbakemeldingane etter besøka har vore gode. Den store EIAE-konferansen i København i september 2011, der UH-nettvest hadde eigen stand med mykje besøk har ført til auka interesse frå utanlandske institusjonar.
- Høgskulen i Volda skal arbeide for at fleire tilsette nyttar seg av Erasmus-stipend**
Vi fekk monaleg med midlar til tilsettemobilitet gjennom Erasmus, og midlane har vi nyttat godt. Vi skulle likevel ønskje at spreiringa på fagmiljø kunne vere større enn det som er tilfellet. Det er ein tendens til at dei same dreg fleire gonger.
- Høgskulen i Volda skal stimulere studentar og nyutdanna lærarar til å søkje støtte frå Comenius-programmet**
Vi har ikkje søkt støtte frå Comenius-programmet i 2011.

Styringsparameter	Resultat					Ambisjonsnivå	Resultat
	2007	2008	2009	2010	2011		
Talet på utvekslingsstudentar (ut/innreisande)	213	172	179	168	200		182
Talet på framandspråklege studietilbod (15 studiepoeng)	23	10	13	7	10		7
Studietilbod i samarbeid med andre utanlandske institusjonar (fellesgrader)	0	0	0	0	0		0

Kommentarar:

Arbeidet med rullering av *Handlingsplan for internasjonalisering* vart sett i gang hausten 2011.

Internasjonalt kontor har starta eit arbeid med å totalrevidere dei internasjonale websidene våre. Vi ønskjer å bli meir brukarvenlege, forenkle bodskapen og lage studentprofilar. Vi tenkjer også å nytte oss av animasjonsstudentar for å få noko av bodskapen animert!

Budsjettet til Internasjonalt kontor er styrkt slik at vi kan få til fleire fellestiltak. Internasjonalt kontor har to heile stillingar, og vi har eit godt sørvisapparat for innreisande studentar gjennom den internasjonale treffstaden Pangaia. HVO set av midlar til trainee og praksisstudentar ved Internasjonalt kontor. Våren 2011 hadde vi fire praksisstudentar, hausten 2011 hadde vi ein.

Ei av dei største utfordringane er å motivere eigne studentar til å ta eitt eller fleire semester ute. Vi arbeider for å utnytte Erasmus-stipenda betre og samstundes auke talet på gode avtalar med Storbritannia, Nord-Amerika og Canada. Talet på innreisande studentar har hatt ein stor auke, spesielt gjennom Erasmus/EEA, og vi jobbar særskilt aktivt for å motivere stadig fleire til å ta eitt eller fleire semester i Volda. Vi har eit tett og godt samarbeid med fleire av våre utanlandske lærestader,

og Volda blir sett på som ein attraktiv partnar. Vi arbeider også tett mot afrikanske og indiske universitet, spesielt på samfunns-, sosial- og mediefaga. Dette arbeidet vil intensiverast i 2012.

EAIE-konferansen i København 13.-16.09.2011 der vi hadde vår eigen stand i regi av UH-Nett Vest vakte enorm interesse, og det var fleire tusen besökande innom standen dei tre dagane konferansen varte. Volda hadde designa og bygd standen, og vi fekk også mest merksemd. Ein svært god reklame for oss som nettverk og som institusjon.

Verksemdmål 1.4 (HVO): Høgskulen i Volda skal primært vere ein profesjonshøgskule med profilerte tilbod innan mediefag, sosialfag, kulturfag og lærarutdanningar

Resultatmål:

- **Høgskulen i Volda skal i 2011 vidareføre arbeidet med revisjon av studieplanane til alle profesjonsutdanningane med sikte på klarare målretting, profilering og organisering i forhold til behov i samfunnet og eigne behov for konsentrasjon og profilering. Studieplanarbeidet skal gjennomførast i tett samarbeid med praksisfeltet.**

AMF sine planar er målretta mot animasjon, journalistikk og kommunikasjon og blir reviderte i samsvar med HVO sine rutinar.

AKF arbeider med ei tydlegare profesjonsretting av studieplanane på avdelinga. Det er særleg aktuelt å stette samfunnet sine behov for god og profesjonell formidling innafor praktiske og estetiske fag og felles utnytting av kompetanse på dette feltet i skjeringspunktet mellom skule, kulturskule og SFO.

ASH melder at Bachelor i planlegging og administrasjon er omarbeidd, og det blir enklare å innpasse fleire fag. Historiebacheloren har fått ein klarare disiplinprofil, men gjer det framleis mogleg å ta ein to-fags bachelor med tanke på PPU og lærarkompetanse. Sosialfag har endra emneinndeling og eksamensordning, men avventar Stortingsmeldinga om endringar i sosialarbeidarutdanningane.

AHL er for tida særleg involvert i det nasjonale arbeidet med ny rammeplan for FLU. Ein av avdelinga sine fagtilsette er med i den sentrale arbeidsgruppa, og internt ved HVO har avdelinga ei gruppe for rammeplan og ei gruppe for kompetanseutvikling. Det blir også arbeidd mykje med fagplanar og modellar for GLU. Det er etablert ei nasjonal "følgjegruppe" for GLU som avdelinga er i god dialog med. Avdelinga har ein medlem i denne gruppa.

- **Høgskulen i Volda skal vidareutvikle institusjonsavtalar og samarbeid som sikrar tilgang på gode praksisplassar for profesjonsutdanningane, også i utlandet. Vi må arbeide for å nytte oss av Erasmus praksisplassar. Vi skal ha god kontakt med samfunn/profesjon/næringsliv og sikre at profesjonsutdanningane fagleg sett er oppdaterte og at innhald og arbeidsmåtar er relevante for seinare profesjonsutøving.**

AMF har gode praksisordningar for alle BA-utdanningane nasjonalt og internasjonalt.

AKF har vore med å utvikle gründercamp for lærarstudentane. Avdelinga har vurdert mulighetene for å etablere studentbedrift mellom anna for å ta seg av streamingoppdrag.

ASH har gjennomført praksisbesøk og samlingar, tiltak som gir god kontakt med praksisfeltet.

AHL har forlenga praksisavtale for allmennlærarutdanninga med dei samarbeidande praksisskulane i regionen med eitt år. Den gjeld også for GLU. Det er no sett ned ei intern arbeidsgruppe ved AHL, med rektor ved Bratteberg skule som eksternt medlem, som skal lage framlegg til ny mal for utlysing lokalt. Også for FLU og PPU er vi i god dialog og i tett kontakt med praksisfeltet, og vi reviderer og fornyar praksisavtalane med jamne mellomrom.

- **Høgskulen i Volda skal prioritere arbeidet med utvikling av master på Avdeling for mediefag.**
Masteren bør ha eit eller fleire emne på engelsk
Utført, søknad sendt NOKUT 31.8.11
- **Høgskulen i Volda skal setje i gang arbeidet med å utvikle grunnskulelærarutdanning på masternivå**
Arbeidet med å utvikle grunnskulelærarutdanning på masternivå er i gang. Noverande master i spesialpedagogikk vert justert til ein lærarmaster med spesialiseringar i spesialundervisning, norsk eller matematikk – og med opning for at andre skulefag kan kome til seinare.
- **Høgskulen i Volda skal arbeide for oppretting av nye studieplassar til ei eiga kulturpedagogutdanning retta mot kulturskulen**
AKF har utvikla programplan for Bachelor Kulturpedagog og fått han fagfellevurdert. Arbeidet med nye emne er i gang. Vi har fått klare tilrådingar både frå fagfeller og frå feltet meir generelt om å sikre mulegheit for å oppnå formell undervisningskompetanse for dei som tek ei slik utdanning. Grunna mange uavklarte tilhøve både med omsyn til PPU, GLU og ulike estetiske lærarutdanninger, har AKF utsett ferdigstilling av BA Kulturpedagog eitt år med tanke på start hausten 2013.
- **Høgskulen i Volda skal tilby undervisningstilbod i barnevern på masternivå frå hausten 2011**
Vi har starta kurs på masternivå i barnevern (15+15 stp).

Kommentarar:

Hovudintrykket under sektormål 1 er at HVO har styrka stillinga si i 2011. Vi har betre søkering, større opptak og sterke auke i studiepoengproduksjonen. Vi har vist evne til å tilpasse oss, utvikla fleksible studium med god deltaking, og vi har markert oss stadig sterkare på livslang læring. Medieutdanninga styrka stillinga si som flaggskip i 2011 med auka søkering. Utdanninga har svært god gjennomstrøyming. Velferdsundersøkinga viser at dei aller fleste studentane trivst godt i Volda og dei er nøgde med studia. Men vi har framleis utfordringar som det må arbeidast med i åra framover. Det aller viktigaste er å betre rekrutteringa til lærarutdanningane. Vi må også arbeide med infrastrukturen vår som fekk ein del kritiske tilbakemeldingar i velferdsundersøkinga. Betre inneklima og betre plass er viktige tiltak for å auke kvaliteten på læringsmiljøet.

Sektormål 2 - forsking

Høgskulane skal oppnå resultat av høg internasjonal kvalitet i forsking og fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid

Verksemdmål 2.1 (KD): Høgskulen i Volda skal gjennom nasjonalt og internasjonalt samarbeid tilby forskarutdanning av høg kvalitet. Forskarutdanninga skal vere retta inn mot og dimensjonert for å ta vare på behova i sektoren og i samfunnet elles

Resultatmål:

- **Høgskulen i Volda skal aktivt samarbeide med andre institusjonar om forskarutdanning, spesielt forskarskular som er retta mot behova i profesjonsfaga, t.d. nasjonale forskarskular som NAFOL og NATED. Det gjeld også den nyetablerte forskarskulen i musikk og den planlagde forskarskulen i helse- og sosialfag, begge i regi av UH-nett Vest.**
HVO samarbeider aktivt med NATED, er medlem i NAFOL og Grieg Research School. Den planlagde forskarskulen innafor Helse- og sosialfag i regi av UH-nett Vest er utsett. Det er sett i gang eit samarbeid mellom høgskulane i M&R om etablering av ein dr.grad i helse- og sosialfag.
- **Høgskulen i Volda skal leggje til rette for at eigne stipendiatar og PhD-kandidatar får gjennomføre forskarutdanning ved doktorgradsgivande institusjon og t.d. NAFOL eller NATED**
Dette er arbeid som vi prioriterer. Tre av HVO sine stipendiatar er tatt opp i forskarutdanninga gjennom NATED.

Verksemdmål 2.2 (KD): Høgskulen i Volda skal ta eit særskilt ansvar for profesjonsretta forsking, utviklingsarbeid, kompetanseutvikling og nyskapande verksemd i regionen. Vi skal samarbeide nasjonalt og internasjonalt om forsking og utviklingsarbeid.

Resultatmål:

- **HVO skal setje i gang interne forskingsprogram for å fremje forsking og kompetanseheving på strategiske felt**
Det er løyvd til saman 4.1 mill kroner over ein fireårsperiode til tre interne forskingsprosjekt, eit prosjekt har fått støtte i to år. Følgjande prosjekt har fått støtte *Lærar- og elevrolla i dagens skule, Offentleg innovasjon, læring og planlegging, Fra Helsinki-konferansen til Berlinmurens fall: Mediene og journalistikken i den andre kalde krigen og Sårbar ungdom*. Det er også løyvd kr 700.000 i såkornmidlar til fleire prosjekt. Dette er midlar til å utvikle prosjekt og å opparbeide seg søknadskompetanse.
- **HVO skal søkje forskningsrådet sitt regionale fond om midlar knytt til Innovasjon i offentlig sektor**
Regionalt forskningsfond Midt-Norge har ikkje lyst ut midlar til forsking på temaet *Innovasjon i Offentlig sektor for 2011*. HVO har løyvd strategiske midlar til eit internt forskingsprosjekt innafor dette temaet (jmf punktet ovanfor). AKF vil i samarbeid med HIÅ og HIM utarbeide ein søknad innafor denne ordninga finansiert av midlar frå Mørealliansen. Arbeidstittel *Senter for friskheit og livskvalitet*.

- **Høgskulen i Volda skal vere blant dei fem beste i høgskulegruppa når det gjeld publikasjonspoeng**

I 2010 ligg HVO på delt femteplass blant dei statlege høgskulane når det gjeld publikasjonspoeng per fagårsverk. Tal for 2011 ligg ikkje føre enno. Men førebelse tal tyder på at talet på publikasjonspoeng blir det høgaste nokon gong.

- **Høgskulen i Volda skal auke produksjonen av publikasjonspoeng ved at fleire fagtilsette publiserer**

Talet på fagtilsette som publiserer har auka frå 28 til 39 og deretter til 49 for rapporteringsåra 2008, 2009 og 2010. Førebels tal viser 48 fagtilsette for 2011.

- **Høgskulen i Volda skal stimulere tilsette til å delta i internasjonale kompetansenettverk og knyte til oss internasjonale forskarnettverk gjennom Strategiske høgskuleprogram og andre større profesjonsprosjekt**

AMF er tildelt midlar frå interne forskingsprogram til eit prosjekt med internasjonal profil og nyttar dette høvet til å involvere flest mogleg fagleg tilsette, det er oppretta samarbeidsavtale med universitet i Tyskland.

AKF har sett i gang arbeid med tanke på søknad i neste runde med SHP. HVO har løyvd midlar til søknadsutvikling innafor eit forskingsprogram om kultur og helse. AKF er i ferd med å byggje opp eit internasjonalt kompetansenettverk knytt til dette forskingsprogrammet og har mellom anna hatt dialogmøte med Dr Shyama Kuruvilla frå WHO. I samarbeid med Seanse er AKF i ferd med å byggje opp eit omfattande internasjonalt nettverk knytt til Arts in Education, og KD løyvde 1 mill til vårt prosjekt om Teaching Artist i Norge.

På **ASH** har alle institutta solide faglege internasjonale nettverk. IPAS har utviklingssamarbeid nord-sør med Kenya og Malawi, deltar aktivt i nasjonalt og nordisk nettverk for utdanningsleiring og i europeisk samarbeid om planleggingsstudiar.

Fleire tilsette ved **AHL** er med i internasjonale forskarnettverk.

- **Alle som får tildelt FoU-ressursar skal dokumentere korleis desse ressursane er nytta, og vi skal legge til rette for god framdrift**

AMF melder at dette er tema i medarbeidarsamtalene og dei tilsette på avdelinga nyttar FoU-ressursen på ein god og tenleg måte.

AKF gjennomfører kvar haust medarbeidarsamtale, med alle tilsette på avdelinga. FoU-rapportering og søknad om FoU-tid er eit tema i desse samtalane. Oversikt over FoU-produksjon på avdelinga vert sendt ut til alle tilsette. Underskrivne arbeidsavtalar med vedlagt svar på FoU-søknad vert ferdigstilte etter medarbeidarsamtalane.

ASH melder at krava til planlegging av og rapportering om bruk av FoU-tid er innskjerpa.

AHL melder at i samband med dei årlege arbeidsplanane skal alle fagtilsette levere planar for FoU for komande studieår. Ved dei årlege medarbeidarsamtalane er rapportar og planar for FoU eit sentralt tema.

Styringsparameter	Resultat				Ambisjonsnivå	Resultat
	2007	2008	2009	2010		
Publikasjonspoeng pr undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling	0,31	0,49	0,43	0,40	0,40	*
NFR-tildeling pr undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling (1 000 kr)	26	37	38	33	33	19
EU-tildeling pr undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling	0	0	0	0	0	0
Talet på fagtilsette som publiserer		28	39	49	55	48

*Tal ligg ikkje føre enno

Verksemdmål 2.3 (HVO): Høgskulen i Volda skal gjennom tildele stipendiatstillingar syte for god gjennomføring av forskarutdanninga

Resultatmål:

- Høgskulen i Volda skal vidareføre satsinga med å knyte stipendiatar til program med klare mål, god rettleiing og oppfølging for å betre gjennomstrøyminga**
Ni stipendiatar er knytt til programma. Framdrifta er god. Dei fleste stipendiatane er lokaliserte i same bygg. Professor Jan Inge Sørbø har eit særskilt ansvar for å følgje opp dei stipendiatane som ikkje er i program og har etablert eit avhandlingsforum for dei.
- Stipendiatprogrammet i fagdidaktikk skal halde fram i 2011**
Sjå punktet ovanfor. Av totalt 6 stipendiatar i dette programmet er 3 tilsette ved AHL, og desse ser ut til å kunne slutføre hausten 2013.
- Stipendiatprogrammet i profesjonsforskning skal etablerast i løpet av 2011**
Tre stipendiatar følgjer stipendiatprogrammet i profesjonsforskning. Det er utlyst ytterligare to stillingar og HVO har motteke ni søknadar.
- Alle stipendiatar skal følgjast opp med medarbeidarsamtale minst ein gong i året**
Dette blir følgt opp på alle avdelingane.
- HVO arbeider med å legge til rette for at stipendiatar kan ha kortare eller lengre utanlandsopphald**
HVO legg til rette for at stipendiatar skal ha utanlandsopphald. Vilkåra for støtte til utanlandsopphald er formalisert i Reglar, rettar og plikter for stipendiatar ved HVO.

Kommentarar:

HVO har satsa mykje på FoU dei siste åra. Vi har satsa på å knyte stipendiataane til større program med klare mål, god rettleiing og oppfølging og har sett av midlar til koordineringa av programma. Gjennomstrøyminga så langt har ikkje vore god nok. Men vi forventar betre gjennomstrøyming i åra som kjem som resultat av organiseringa.

Det store løftet i 2011 innafor FoU var dei interne forskingsprogramma. Desse er prioriterte med auka løyvingar i 2011 og ytterlegare opptrapping i 2012. Vi er komne godt i gang. Det var god søkning både til dei fleirårige programma og til såkornmidlane. Søknadene til dei fleirårige programma vart vurderte av ein ekstern kommisjon og fekk god omtale. Forskingsprogramma skal ha tydeleg fagleg leiing og omfatte fleire forskrarar på ulike kompetansenivå. Det blir ei utfordring å setje av tilstrekkeleg med midlar til programma i åra framover. Men styret har gitt signal om at den samla løyvinga til FoU skal liggje på same nivå. Det blir arbeidd godt med FoU på alle avdelingane. Satsinga på FoU gir resultat i form av ein god auke i talet på publikasjonspoeng. Førebelse tal tyder på rekordproduksjon i 2011.

Arbeidet med revisjon av FoU-planen tok til haustsemesteret 2011. Eit utkast til revidert plan har vore ute til høyring i organisasjonen. HVO nyttar mykje ressursar til FoU. Eit viktig spørsmål er om vi får god nok utteljing for ressursinnsatsen. Ulike måtar å fordele FoU-ressursane blir diskutert i samband med revisjonen av FoU-planen. Målet er at revidert plan skal opp i styret våren 2012.

Sektormål 3 - formidling

Høgskulane skal medverke til å spreie og formidle resultat frå forsking, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid, og medverke til innovasjon og verdiskaping basert på desse resultata. Vi skal også leggje til rette for at tilsette og studentar kan delta i samfunnsdebatten.

Verksemdmål 3.1 (KD): Høgskulen i Volda skal tilføre samfunnet resultata frå FoU-verksemda gjennom formidling og deltaking i offentleg debatt

Resultatmål:

- **Høgskulen i Volda skal halde fram med å arrangere Forskingsdagane for å synleggjere FoU-verksemda vår**
Forskingsdagane ved HVO 2011 vart arrangerte i tidsrommet 24. - 30. september. Programmet besto av 16 arrangement som retta seg mot eit breitt spekter av målgrupper. Det var gjennomgåande godt oppmøte og gode tilbakemeldingar. Avslutningsarrangementet vart streama. Både sjåartala og teknisk kvalitet på produksjonen var god.
- **Høgskulen i Volda skal gjennom internt poengsystem for FoU stimulere fagtilsette til å drive foredragsverksemd, fagleg og populærvitenskapleg formidling og kritisk debatt m.m. om aktuelle samfunnsspørsmål innanfor fagområda våre**
Det interne poengsystemet ser ut til å ha god effekt på HVOs formidlingsaktivitet.
- **Høgskulen i Volda legg opp til nettbaserte tenester for forskingsformidling. Gjennom nye nettsider vil ein fokusere på framstilling av sentrale forskingsprosjekt, faglege ressursar og publikasjonar.**
FoU-kontoret og informasjonskontoret samarbeider om forskingsformidling på HVO-sidene. Vi sluttfører no også eit prosjekt som knyter tilsette i tilsett-katalogen for HVO på nettet til Cristin, det nye felles systemet for forskingsdokumentasjon i Noreg.
- **Høgskulen i Volda sitt interne poengsystem for FoU skal vidareutviklast for å syne formidling som eigen hovudaktivitet. Produksjonen av formidlingspoeng skal vere større i 2011 enn i 2010.**
Tal for 2011 ligg ikkje føre enno.
- **Høgskulen i Volda skal arrangere fagkonferansar og seminar med utspring i forskingsverksemda innanfor dei sentrale fagområda våre i samarbeid med regionale, nasjonale og internasjonale aktørar**
Det er arrangert ei rekke seminar og fagkonferansar så langt i år. Døme: Industrianimasjon, Ytringsfridom, Gir kultur betre helse?, Leik med ord – ord med leik, Musikk og helse-seminar; Barnevernsamling i samarbeid med fylkesmannen, Fagdagar – Aktiv omsorg; medarrangør for Omsorgskonferansen i M&R (fylkesmannen); Musikk/miljø og omsorg – samarbeid med kommunar på Søre-Sunnmøre, Kystkulturseminaret 2011, årlege fagdagar for lærarutdanningane, for eigne studentar og lærarar samt praksisfeltet, Barnehagekonferansen for Møre og Romsdal i samarbeid med Fylkesmannen og Utdanningsforbundet, Nasjonal konferanse for matematikk i lærarutdanningane.

- **Høgskulen i Volda skal arrangere seminar innan kommunikasjon for lokalt næringsliv i samarbeid med VRI. Kulturviprosjektet "Høyr og Sjå" er i avslutningsfasen og skal avsluttast med konferanse i februar 2011.**

Sluttkonferanse er gjennomført. Aktivitet mot næringslivet innan kommunikasjon er vidareført og styrkt gjennom ny II-arstilling hausten 2011.

Verksemdmål 3.2 (KD): Høgskulen i Volda skal medverke til samfunns- og næringsutvikling gjennom utdanning, innovasjon og verdiskaping

Resultatmål:

- **Høgskulen i Volda skal oppretthalde same nivået på den eksternt finansierte verksemda i 2011**
Dette målet klarte vi ikke fordi inntektene fra Forskningsrådet gjekk monaleg ned. Andre eksterne inntekter auka med om lag 2 mill kroner.
- **Høgskulen i Volda skal arbeide vidare med å sikre auka finansiering over statsbudsjettet av Seanse – senter for kulturproduksjon i Volda kopla til Den kulturelle skulesekken**
Det har vore arbeidd både politisk og administrativt for å sikre fast finansiering av Seanse. I eit møte med regjeringsfraksjonane i kultur- og utdanningskomiteane på Stortinget vart det slått fast at Seanse er eit nasjonalt prosjekt som bør sikrast finansiering. Møte med statssekretærane i Kunnskapsdepartementet og Kulturdepartementet og med regjeringsfraksjonen i Familie- og kulturkomiteen vart haldne hausten 2011. Seanse er lova ein halv million i årleg støtte frå kvart av dei to departementa, og fekk i tillegg hausten 2011 prosjektstøtte til prosjektet *Teaching Artist* på 1 mill.
- **Høgskulen i Volda skal utvikle nyskapande studietilbod i samarbeid med og for regionen, innan leiing, kultur og etablerarkunnskap**
Det er utvikla emne i industrianimasjon våren 2011 som resulterte i samarbeid med Kleven Maritime om utvikling av dataanimert HMS-video. Det blei produsert 12 korte filmar og dei 7 involverte studentane og ein gjestelærar er i ferd med å etablere firma, knytt til kulturnæringshagen i Volda. Det same gjeld to av dei fire studentane som gjennomførte prøveprosjektet innan dokumentarfilm studieåret 2010/2011. Vi har også gjennomført leiaropplæring i Skodje kommune og Ulstein kommune, for Maritim foreining på Sunnmøre og opplegg for utdanningsleiing for fleire kommunar. Det er inngått avtale om leiaropplæring med Møre og Romsdal fylkeskommune. AKF har drive forskingsrelatert utviklingsarbeid knytt til *Applied Theatre* gjennom prosjekta *Det var en gang en kreft* og *Theatre project with a group of Somali asylum seekers in Volda*.
- **Høgskulen i Volda vil arrangere nyskapingsseminar og følgje opp nye forretningsidéar baserte på forsking og nyskapande studentarbeid**
Det er arrangert nyskaparkurs i samarbeid med Vestnorsk Filmsenter for 20 deltakarar hausten 2011.
- **Høgskulen i Volda skal aktivt medverke til nyskaping i regionen gjennom utvikling av nye etter- og vidareutdanningstilbod**
HVO tilpassar tilboda sine slik at dei når både dei som ynskjer formell kompetanse (studiepoeng) og til dei som etterspør fagleg påfyll. Døme på dette er Business-engelsk, Leiaropplæring for maritim sektor, sjå tilbod under.

- Høgskulen i Volda skal gjennom VR- og FORNY-prosjekta bidra til å etablere ein sterkare kultur for kommersialisering av forsking og kunnskap generelt, samt å kartlegge og prøve ut HVO sitt potensiale for kommersialisering av FOU-resultat**
Sjå omtale av industrianimasjon og prøveprosjekt innan dokumentarfilm. AKF deltar i eit VR-initiert teknologi- og læringssamarbeid med Island Offshore Management som inneber utvikling av ny metodikk for situert kompetansebygging.
- Høgskulen i Volda skal arbeide aktivt for å vidareutvikle aktiviteten knytt til Vestnorsk filmsenter (VNF) og kulturnæringshagen i Volda**
AMF har vidareført samarbeidet med VNF og stilt lokale til rådvelde for kursverksem og grunderaktivitet. Seanse arrangerte i samarbeid med VNF animasjon- og figurworkshop i Volda.
- Høgskulen i Volda skal vidareutvikle påbyggingsstudium for dokumentarskaparar med mål å søke masterakkreditering**
Utført
- Høgskulen i Volda skal utvikle eit tilbod i industrianimasjon i samarbeid med Høgskolen i Ålesund og med University of Glamorgan**
Sidan dette samarbeidet førebels har stoppa opp, har AMF utvikla dette på eiga hand, sjå ovanfor.
- Høgskulen i Volda skal halde fram med å legge til rette for produksjon av nynorske versjonar av utanlandske animasjonsfilmar for born i våre studio**
Dette blir vidareført.
- Høgskulen i Volda skal i samarbeid med Helse Sunnmøre utvikle praksis for terapeutiske kulturaktivitetar**
Saman med Helse Sunnmøre (Volda DPS og Lærings- og meistringssenteret) har AKF sett i gang eit forprosjekt med mål om å utvikle området terapeutiske kulturaktivitetar (TEKUA). Forprosjektet har tre satsingsområde: fagutvikling, forsking og klinisk praksis. Hovudaktørane i prosjektet er Høgskulen i Volda, Helse Sunnmøre (no Helse Møre og Romsdal) og Rusbehandling Midt-Norge.

Styringsparameter	Resultat					Ambisjons-nivå	Resultat
	2007	2008	2009	2010	2011		
Omfang av bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA) (utanom NFR og EU)	11 676	11 077	12 096	11 072	12 300	9 210	
Mottekne forretningsidear				12	3	1	
Mottekne forretningsidear som har resultert i oppretting av selskap				5	1	1	

Verksemdmål 3.3 (HVO): Høgskulen i Volda skal vere ein aktiv samarbeidspart for arbeidsliv i regionen ved å utvikle, tilby og gjennomføre kompetansetiltak

Resultatmål:

- **Høgskulen i Volda skal prioritere eit nært samarbeid med offentlege og private interesseorganisasjonar i arbeidslivet**
HVO si fagportefølje er tradisjonelt retta mot offentleg sektor, og det pregar også våre eksterne kontaktar og samarbeidspartar. Særleg innanfor skule/barnehage samarbeider vi i fleire fora: Utdanningsforbundet, dei regionale samarbeidsorgana som Sjustjerna, ÅRU (Ålesundsregionens utviklingsselskap), Kunnskapsnett Romsdal og mot Fylkesmannen i Møre og Romsdal og fylkeskommunale organ. Vi har også kontaktar inn mot NAV. Næringslivet på Søre Sunnmøre viser interesse for våre fag, og vi har dei siste åra fått god kontakt med MAFOSS (interesseorganisasjon for maritime bedrifter). Gjennom VRU-programmet (*Virkemidler for regional FoU og innovasjon*) har fagmiljø og studentar medverka i fleire utviklingsprogram i samarbeid med dei maritime næringane. Seksjon for idrett og friluftsliv gjennomfører kvar vinter ei kurs- og opplevingsveke på Bjarli for funksjonshindra i samarbeid med friviljuge, FFO og Møre og Romsdal fylkeskommune. Tiltaket vert kalla Spenningskurset.
- **Høgskulen i Volda skal arbeide for å få tildelt studieplassar til prioriterte vidareutdanninger for lærarar, i samband med vidareføring av Kompetanse for kvalitet**
Ordninga *Kompetanse for kvalitet* held fram og i samband med ny strategiperiode 2012 – 2015 er det lyst ut oppdrag om å tilby vidareutdanninger for denne perioden. Det vart færre tilbod enn før, og det er viktig for HVO å sikre seg ein fagleg plass i denne satsinga. Ved tildeling av fag i *Kompetanse for kvalitet for 2012 – 2015* hausten 2011, vart tilboda sentraliserte til dei store byane (i UH-Nett vest er 11 av 14 tilbod knytt til Høgskolen i Bergen), og ei liknande tildeling såg vi i andre regionar. Dette er svært uheldig for fagmiljøa ved dei mindre høgskulane og for tilgangen til lik utdanning. Når ein ikkje får tildelt studietilbod i *Kompetanse for kvalitet*, misser ein midlar til utvikling og gjennomføring og blir avskoren frå den viktige kontakten med praksisfeltet. HVO sit att med eit einaste tilbod; Leseløftet 1 for 5.-10. trinn og då i samarbeid med Høgskulen Stord/Haugesund.
- **Høgskulen i Volda skal i 2011 gjennomføre fleire etter- og vidareutdanninger for lærarar og førskulelærarar i nært samarbeid med skule- og barnehageeigarar**
HVO ved AHL gjennomførte eit etterutdanningsprogram *Pedagogisk leiing* utvikla og tilrettelagt i nært samarbeid med kommunane på Nordre Sunnmøre. Programmet gjekk over to semester, og målgruppa var pedagogisk tilsette i barnehagane. Eit stort opplegg med tverrfagleg medverknad frå HVO. Det fekk gode tilbakemeldingar og vart avslutta våren 2011. HVO har gjennomført etterutdanningsprogram for lærarar i regionen (Sjustjerna med vel 90 deltakarar, ÅRU med 40 deltakarar og Romsdals-regionen med nær 50 deltakarar) i faga norsk (lesing i alle fag, leseopplæring og norsk som andrespråk) og engelsk. Kursa er organiserte med tre til fire samlingar med obligatorisk mellomarbeid. Kursa er utvikla i nært samarbeid med oppdragsgjevar, er praksisnære og gir rom for refleksjon over eigen praksis. I tillegg er våre fagfolk mykje nytta til foredrag i samband med planleggingsdagar, fagdagar og seminar.
- **Høgskulen i Volda skal arbeide aktivt for å utvikle tilbod i takt med endringar og utfordringar i offentleg forvaltning (NAV, helse og sosial, barnevern)**
Masteremne i barnevern er utvikla og sett i gang – elles er NAV-emne sjølv sagt innarbeidde i grunnutdanninga i sosialfag. Nokre av masteremna blir annonserte som opne forelesingar/fagdagar for NAV-tilsette, BUF-etat mm.

- **Høgskulen i Volda skal tilby kurs i forretningsengelsk for næringslivet**
Forretningsengelsk er gjennomført, og nokre av deltakarane valde å ta eksamen med 10 stp. Kurset er evaluert og revidert i samråd med oppdragsgjevar. Andre kullet starta i januar 2012.
- **Høgskulen i Volda skal tilby kurs i organisasjon og leiing for kommunar og næringsliv**
HVO ved ASH har avtalar med kommunane Skodje og Ulstein. Vi har også fått avtale med Møre og Romsdal fylkeskommune om kompetanseheving for leiarar i fylkeskommunen. Tilbodet er eit kombinert etter- og vidareutdanningstilbod. Det er utvikla og gjennomført kurs for mellomleiarar i maritim sektor i regi av ASH, og responsen er svært god. Andre kullet starta i januar 2012.
- **Høgskulen i Volda skal tilby arbeidsplassbasert førskulelærarutdanning i 2011**
Dette studiet starta hausten 2011 med om lag 50 påmelde.
- **Høgskulen i Volda skal halde fram med å tilby nettbaserte/samlingsbaserte betalingskurs i Desktypografi og Undersøkande journalistikk**
Desktypografi blir vidareført i 2011. Undersøkande journalistikk er vidareutvikla som emne i den omsøkte masteren.
- **Høgskulen i Volda skal etablere eit råd for samarbeid med arbeidslivet i 2011**
Styreveitak er gjort om at vi skal ha eit felles råd med dei andre høgskulane i fylket. Modell for rådet blir no diskutert.

Verksemdmål 3.4 (HVO): Høgskulen i Volda skal vidareutvikle utdanningstilbod i samarbeid med regionale og nasjonale aktørar

Resultatmål:

- **Høgskulen i Volda skal ha tett samarbeid med Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa, Nasjonalt senter for fleirkulturell oppvekst, Nynorsk kultursenter og Nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringa**
HVO har hatt eit godt samarbeid med Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa gjennom prosjekta *Les for meg!* og *Høyr og sjå!* Nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringa har særleg vore inne i samarbeid med Seanse, og vi har arrangert fleire seminar i samarbeid med senteret. Norsk miljøet ved Institutt for språk og litteratur har i fleire år hatt samarbeid med Nynorsk senteret om konkrete prosjekt og utvikling av undervisningstilbod, m.a. tilbodet Nynorsk i opplæringa.
- **Høgskulen i Volda skal i samarbeid med regionen, næringsliv og kommunar utvikle eit moduloppbygd studietilbod innan krisehandtering**
Dette er under utvikling.
- **Høgskulen i Volda skal vidareføre samarbeidet med andre høgskular på Vestlandet om masterutdanning i helse- og sosialfag**
ASH har starta ny runde med mastertilbod i samarbeid med HSH. Dei har avtale om tilbod av emne på masternivå med HSF og andre samarbeids-/koordineringsdrøftingar er i gang. Høgskulane i M&R har sett i gang samarbeids-/koordineringsdrøftingar når det gjeld mastertilbod i helse- og sosialfag.

- **Høgskulen i Volda skal utvikle vidareutdanning på masternivå i barnevern**
Dette er i gang.
- **Høgskulen i Volda skal utvikle eit nytt emne knytt til demensomsorg**
Dette er under utvikling.
- **Høgskulen i Volda skal gjere førelesingar og anna læringsstoff tilgjengeleg for studentar via internett, og vidareutvikle produksjons- og distribusjonsformer for dette**
Avdelingane nyttar det utvikla verktøyet der det er høveleg.
- **Høgskulen i Volda skal i samarbeid med kommunar utvikle etterutdanningstilbod innan organisasjon og leiing**
Vi har justert og tilpassa våre ordinære studietilbod til forventningane frå eksterne oppdragsgivarar.
- **Høgskulen i Volda skal i samarbeid med Toll- og Avgiftsdirektoratet tilby eit kurs i offentleg forvaltning**
Vi har inngått avtale om kurs som er i gang.
- **Høgskulen i Volda skal vidareføre det nettbaserte studiet "Deskjournalistikk for typografer" og "Undersøkande og gravande journalistikk"**
Omtalt før, men vurderer andre målgrupper med same teknologi.
- **Høgskulen i Volda skal våren 2011 ha prosjektleiing for kursing i den nye offentleglova i samarbeid med Møre og Romsdal redaktørforeining**
Prosjektet er avslutta og endeleg rapport er ferdig.

Kommentarar:

Den eksterne verksemda ved HVO har vore aukande dei siste åra. Leiinga har lagt stor vekt på å auke innsatsen for at vi skal fylle samfunnsoppdraget på ein god måte. Vi stimulerer våre tilsette til å vere aktive i formidlingsverksemd. Det er stor pågang frå både private og offentlege verksemder med spørsmål om vi kan ta på oss kurs, utviklingsprosjekt, rettleiing og vidareutdanning. Vi støttar også mange tiltak som er med på å setje Volda på kartet og gjere HVO synleg for omgjevnadane våre: Dokumentarfestivalen, Animation Volda, X2, Sunnmøre Kammermusikkfestival og liknande arrangement. Rapporteringa under Sektormål 3 viser at HVO fyller samfunnsoppdraget på ein god måte i 2011. Men der er framleis stort potensial for å utvikle denne delen av verksemda vår. Utfordringa er tilgangen på faglege ressursar.

Den nye ordninga for vidareutdanninga av lærarar, kompetanse for kvalitet, er hovudgrunnen til nedgangen i BOA-aktivitet. Kompetanse for kvalitet blir rekneskapsført som løvvingsfinansiert verksemd.

Sektormål 4 - organisering

Høgskulane skal organisere og drive verksemda si på ein slik måte at vi tek best mogleg vare på samfunnsoppdraget innanfor ramma av dei disponibele ressursane

Verksemdmål 4.1 (KD): Høgskulen i Volda skal sikre ei god og effektiv forvalting av ressursane

Resultatmål:

- **I 2011 skal driftskostnader pr. avgang 60-studiepoengeining liggje på kr 140 000**
Vi hadde rekordhøg studiepoengproduksjon i 2011 og etter dette vart kostnaden pr. avgang 60-studiepoengeining kr 130 000
- **Driftskostnader pr. publikasjonspoeng skal i 2011 vere kr 3 200**
Dette målet vil vi nå med god margin. Det ligg an til at publikasjonspoenga vert rekordhøge i 2011, og kostnadene i 2011 viser ikkje tilsvarande stigning. Rapporteringsfristen er 1. april, og det eksakte talet ligg ikkje føre enno.
- **Tilhøvet mellom tilsette i undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar og talet på administrative stillingar skal i 2011 vere 2,7**
Talet på undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar gjekk ein del ned ved rapporteringsfristen 1. november. Resultatet vart 2,5, og vi må følgje med på utviklinga framover.

Styringsparameter	Resultat					Ambisjons-nivå	Resultat
	2007	2008	2009	2010	2011		
Driftskostnader pr avgang 60-studiepoengeining (1 000 kr)	122	134	138	143	140	130	
Driftskostnader pr publikasjonspoeng (1 000 kr) *	4 283	2 793	3 121	3 176	3 200		*
Tilhøvet mellom tilsette i undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar og talet på tilsette i administrative stillingar	2,39	2,25	2,52	2,58	2,7		2,5

*Tal ligg ikkje føre enno

Verksemdmål 4.2 (KD): Høgskulen i Volda skal gjennom eigen personalpolitikk medverke til eit høgt kompetansenivå, eit godt arbeidsmiljø og eit mindre kjønnsdelt arbeidsliv

Resultatmål:

• **Høgskulen i Volda skal styrke satsinga på kompetanseheving for fagleg tilsette**

Høgskulen har teke i bruk fleire verkemiddel som skal bidra til å nå målet om eit høgt kompetansenivå for fagleg tilsette. Det gjeld m.a.

- Eiga ordning med frikjøp i tre år for tilsette som ønskjer å ta doktorgrad
- Førstelektorkurs
- Organisering av forskingsprogram med tydeleg leiing
- Organisering i program for stipendiatar
- Engelskkurs

Alle avdelingane melder at det blir arbeidd mykje med kompetanseutvikling og at dei aktivt stimulerer sine tilsette til å nytte dei incentiva som høgskulen har utvikla.

• **Høgskulen i Volda skal gje støtte til kompetanseheving for administrativt tilsette**

Det er løyvd kr 300.000 på budsjettet for 2011 til kompetanseheving for administrativt tilsette. Løyvinga vert fordelt etter søknad frå den enkelte og fastlagde retningslinjer. Fellestiltak vil normalt ha prioritet og søknader skal ha relevans for høgskulen sine behov for kompetanse. Retningslinjene for stønad vart justerte i desember 2011.

• **Høgskulen i Volda skal arrangere samling for nyttilsette**

Informasjonsmøte for nyttilsette er avvikla ved starten av haustsemesteret med gode tilbakemeldingar. I tillegg er det gitt tilbod om ei rekke datakurs (Outlook, Office 2010) og rettleiingskurs om bibliotekdatabasar.

• **Høgskulen i Volda skal arbeide for at delen førstestillingar av totalt tal undervisnings-, forskar- og formidlingsstillingar skal auke til over 40 %**

Del førstestillingar har auka og vi har nådd målet. I 2011 har HVO 42,3% førstestillingar av totalt tal undervisnings-, forskar- og formidlingsstillingar.

• **Høgskulen i Volda skal arbeide for at delen kvinner av tilsette med førstekompetanse skal auke til 35 %**

Delen kvinner av tilsette med førstekompetanse er i 2011 på 31,3%. Det er ein auke frå året før (27,6 %), men vi har ikkje nådd målet. Høgskulen har fleire kvinner inne i førstelektorkurs. Fleirtalet av stipendiatane er kvinner.

• **Høgskulen i Volda skal tilby kurs i engelsk for fagleg tilsette**

Det er sett i gang kurs i engelsk både for administrativt og fagleg tilsette. Kursa er tilpassa behova for dei ulike gruppene. Det har vore god interesse for kursa. Dei vert avslutta med faglege reiser for å praktisere engelskkunnskapane.

• **Høgskulen i Volda skal gjennomføre nytt førstelektorkurs i samarbeid med høgskulane på Vestlandet og NAFOL**

Vi har sett i gang nytt fullteikna førstelektorkurs.

• **Høgskulen i Volda skal tilby kurs i høgskulepedagogikk for fagleg tilsette.**

Då vi tok til å arbeide med denne saka, fann vi ut at vi må lage eit heilskapleg opplegg for å utvikle undervisningskompetansen til dei fagtilsette. Det kan skje på mange måtar, ikkje berre gjennom kurs. Meir konkret kan vi tenkje oss at vi har fleire satsingsområde som t.d. eit basiskurs

i høgskulepedagogikk, kortare kurs innafor definerte område (t.d. interaktive/digitale læringsformer, studenttettleiing), mentorprogram for nytilsette, fagdagar, fora for erfaringsutveksling og nettstad. Det er no sett ned to grupper, ei som skal lage utkast til eit kurs i høgskulepedagogikk og ei som skal ha som mandat å utvikle kompetansen når det gjeld fleksible studium/fjernstudium. Arbeidet i den siste gruppa må vi sjå i samanheng med investering i infrastruktur.

- Talet på midlertidig tilsette skal reduserast**

Del midlertidig tilsette gjekk ned frå 2009 til 2010 med om lag 4%, og ytterlegare ned med om lag 3% frå 2010 til 2011. Etter at KD la fram ein rapport hausten 2010, har høgskuleleiinga hatt fleire møte om temaet med faglege- og administrative leiarar og med tillitsvalde. Det er etablert god dialog internt, der målet m.a. er å betre forståinga for heimelsgrunnlaget ved tilsetjingar.

Styringsparameter	Resultat					Ambisjon s-nivå	Resultat
	2007	2008	2009	2010	2011		
Del førstestillingar av totale undervisnings-, forskar- og formidlingsstillingar	36 %	37 %	34 %	37 %	40 %	42,3%	
Del kvinner av totale stillingar	43,6 %	45,4 %	46,6%	47,3 %	50 %	48,5%	
Del kvinner med førstekompetanse	22,0 %	22,2 %	27,7 %	27,6 %	35 %	31,3%	

Kommentarar:

I det vesentlege har Høgskulen i Volda sjølv "utdanna" tilsette i topp- og mellomgruppestillingar. Dette må vi også rekle med i framtida. Vi har difor sett i gang forskingsprogramma for stipendiatar og førstelekorkurset. På tilsvarende vis kan det bli aktuelt å lage eit eige "dosentprogram", spesielt dersom krava til dosentstillingar knytt til profesjonsutdanningane blir klarare. Ein må og sjå på organiseringa av dei nye forskingsprogramma som eit viktig kompetanseoppbyggingstiltak. For å rekruttere og halde på dyktige medarbeidarar har HVO satsa på ei rekke kompetanseutviklingstiltak. Satsinga har gitt resultat. Vi har nådd målet om meir enn 40 % førstestillingar og vi er på god veg til å nå ambisjonsnivået når det gjeld delen kvinner med førstekompetanse.

Høgskulen i Volda har vedteke etiske retningslinjer, men der vil alltid vere ein risiko for at det skjer brot på desse retningslinjene. Vi har innført temadagar der vi diskuterer kva tiltak som kan setjast i verk for å sikre at etiske retningslinjer blir følgde. Første temadagen vart arrangert i mars 2011 der merksemda var på utdanning.

Verksemdmål 4.3 (KD): Høgskulen i Volda skal halde på den høge kvaliteten i økonomiforvaltinga. Vi skal ta omsyn til god intern kontroll og ei effektiv ressursforvalting i dei strategiske prioriteringane våre.

Resultatmål:

- Høgskulen i Volda skal avslutte rekneskapen for 2011 med eit resultat frå ordinære aktivitetar på minus kr 1 900 000**

Det faktiske underskotet vart på nesten 4,6 mill kr. Avviket i høve budsjettet skriv seg først og fremst frå at vi fekk effektuert ein større del av avsette investeringsmidlar i 2011 enn i 2010, og at det vart nytta meir av stipendiatbufferen enn først planlagt. Dette får ikkje fleirårige konsekvensar, og vi vurderer det ikkje som bekymringsfullt. Resultatet for studiepoengproduksjonen i 2010 har gitt oss auka ramme i undervisningskomponenten i 2012, og studiepoengproduksjonen i 2011 vil gi oss ein vidare auke i 2013 - budsjettet på vel 10 mill kr.

- Likviditetsgraden etter rekneskapsåret 2011 skal vere på 1,6**

Likviditetsgraden har gått meir ned enn det vi budsjetterte med, men vi understrekar at vi framleis har god likviditet, og i åra frå og med 2013 vil inntektene auke, og situasjonen vil betre seg.

- Opptente inntekter BOA inkludert NFR-midlar og studieavgifter skal i 2011 ligge på same høge nivået som i 2009 og 2010**

På grunn av svikt i inntektene frå NFR nådde vi ikkje målet samla, men inntektene frå andre kjelder auka frå 2010 til 2011.

Styringsparameter	Resultat					Ambisjons-nivå	Resultat
	2007	2008	2009	2010	2011		
Avrekningar	5 372	-700	-1 158	-10 680	-1 900	-4 594	
Likviditetsgrad (omløpsmidlar/kortsiktig gjeld)	1,67	1,71	1,79	1,53	1,6	1,42	
Opptente inntekter BOA inkludert NFR- midlar og studieavgifter	16 096	21 066	27 282	27 509	27 700	25 350	

Verksemdmål 4.4 (KD): Høgskulen i Volda skal bidra til at nasjonale kunnskapsressursar vert forvalta heilsakleg og at oppgåver og ansvar vert fordelte og løyste gjennom samarbeid

Resultatmål:

- Høgskulen i Volda skal vidareutvikle grunnskulelærarutdanningane innan UH-nett Vest i tråd med retningslinene frå KD**
Dekan på AHL og studieleiar er med i dette arbeidet.
- Høgskulen i Volda skal etablere ein fellesgrad i grunnskulelærarutdanning – 1-7 deltid – saman med Høgskulen i Sogn og Fjordane, innanfor ramma av UH-nett Vest samarbeidet**
Studiet starta opp i haust med 26 studentar.

- **Høgskulen i Volda skal delta i Prosjekt Mørealliansen med fokus på fagleg utvikling og samarbeid innan FoU og utdanning**
Sjå omtale nedanfor.
- **Høgskulen i Volda skal i samarbeid med Helse- og sosialfaga i UH-nett Vest tilby masterutdanning i helse og sosialfag**
Nytt kull starta i Haugesund hausten 2011, det er også etablert eit emnesamarbeid med HSF.
- **Høgskulen i Volda skal samarbeide med sosialfagmiljøa i UH-nett Vest om arbeidsdeling og utnytting av fagleg kompetanse**
Dette er godt i gang. Instituttleiar ved ISF er også leiar for UH-nett Vest gruppa som arbeider med dette.
- **Høgskulen i Volda skal delta i arbeidet med å etablere forskarskular (doktorgradsutdanning) innan UH-nett Vest**
HVO tek aktivt del i arbeidet i UH-nett Vest med å etablere forskarskular. Det er allereie gjort for musikk (Grieg Research School). Etablering av forskarskulen innafor helse- og sosialfeltet er utsett.
- **Høgskulen i Volda skal utvikle samarbeid med høgskulane på Nordvestlandet (Molde, Ålesund, Sogn og Fjordane) om administrative tenester på desse områda: innkjøp, studieadministrative tenester og IKT**
Høgskulen i Volda har starta ein fellesgrad med Høgskulen i Sogn og Fjordane. Studentane blir delt likt mellom HSF og HVO, og det har vore laga fleire fellesrutinar for det studieadministrative arbeidet. Vi arbeider med å få på plass videokonferanseløysingar med HSF. Det er avvikla ei samling for alle IT-tilsette på dei fire høgskulane der ein utveksla erfaringar. På neste samling skal ein blinke ut konkrete samarbeidsområde. Når det gjeld innkjøp, har vi framleis eit potensiale.
- **Høgskulen i Volda skal halde fram samarbeidet med Høgskulen i Sogn og Fjordane om mentorutdanning for nyutdanna lærarar**
Nytt kull starta hausten 2011 med 26 deltakarar (Mentor II).
- **Høgskulen i Volda skal tilby studiet Småbarnspedagogikk i samarbeid med HSF innanfor ramma av UH-nett Vest**
Det er teke opp eit kull på dette studiet hausten 2011 med 28 studentar.
- **Høgskulen i Volda skal vere aktiv i samarbeidet innan UH-nett Vest i utvikling av nye etterutdanningstilbod knytt til faget Pedagogikk og elevkunnskap**
Tilsette ved Institutt for pedagogikk deltek i dette arbeidet, m.a. i faggruppe for klasseromsleiring.
- **Høgskulen i Volda skal starte planlegging av ei deltidsutdanning for grunnskulelærar 1-7 med sikte på opptak i 2012. Utdanninga skal driftast med utgangspunkt i modellen som er utvikla i UH-nett Vest.**
Vi er komne godt i gang med planlegginga saman med ÅRU. Målet er å setje i gang hausten 2012 på vilkår av tilstrekkeleg tal søkerarar.

Styringsparameter	Resultat					Ambisjons-nivå	Resultat 2011
	2007	2008	2009	2010	2011		
Talet på studietilbod i samarbeid med andre norske institusjonar (fellesgrader)				0	2	2	2

Kommentarar:

Samarbeidet innan UH-nett Vest er svært viktig for HVO på mange område: GLU, vidareutdanning, forskarskular, mastergradar og e-læring. Vi fekk ikkje SAK-midlar til utvikling og implementering av digitale samarbeidsverkty i samarbeid med Uninett. Prosjektet gjaldt først samarbeid om grunnskulelærarutdanninga, men er utvida til å gjelde alt samarbeid i nettverket. Alle institusjonane investerer likevel i dette utstyret. Det har vi også gjort. Når søkera til GLU 1-7 er så dårleg som den er i dag, er det svært viktig at vi samarbeider om flest mogelege fag. Det blir lettare når vi investerer i felles infrastruktur. Då vil vi også bidra til å sikre mangfaldet og såleis eit breitt fagtilbod innan nettverket. Digitale verkty opnar og for ei tydelegare arbeidsdeling mellom institusjonane. Nettverket fekk berre 1 million i SAK-midlar i år. Styret i UH-nett Vest har prioritert å nytte desse midlane til forskarskule i musikk med kr 400 000 og kr 670 000 til å styrke forskinga innan helse- og sosialfaga. Av desse blir 125.000 øyremarka til forskarnettverket for helse og sosialfag, og 545.000 blir sett av som overrisslingsmidlar til å styrke forskingsprosjekt med særleg prioritet til områda barnevern, rusproblematikk, psykisk helse og ulike grupper kronisk sjuk. Det er ei utfordring å sikre god kvalitet ved alle institusjonar innafor samarbeidsområda. Dette er ein heilt avgjerande føresetnad for å utvikle bærekraftige samarbeidstiltak. SAK-midlar til prosjekt knytt til biblioteksamarbeid blir vurdert dersom nettverket får SAK-midlar i 2012.

Forskarskulen knytt til helse- og sosialfag er utsett. I saka om Mastergradsamarbeid innafor lærarutdanninga har det vore lite framdrift. Forskingssamarbeidet held fram, og det tredje forskarsymposiet vart arrangert i mars med stor deltaking.

Status Mørealliansen

Hovudmålet for Mørealliansen er å utvikle eit formalisert, avtalefesta samarbeid om høgare utdanning og forsking i Møre og Romsdal. Møreforsking har vore ein integrert del av Mørealliansen heilt frå starten, og deltek både styringsgruppe og prosjektarbeid.

Når det gjeld den faglege delen av samarbeidet, så er det sett i gang arbeid med siktet på samordne mastergradstilboda innan helse- og sosialfaga. Det er også etablert ei gruppe som arbeider med etablering av ei felles PhD-utdanning innan helse- og sosialfaga. Med utviklingsmidlar frå Mørealliansen skal AKF saman med HiÅ og HIM utarbeide ein søknad om regionale forskingsmidlar til prosjektet *Senter for friskheit og livskvalitet*.

Ny styringsgruppe for Mørealliansen vart konstituert i september 2011. Etter styrevedtak i dei tre høgskulane våren 2011, er det bestemt at Mørealliansen skal vidareutviklast som eit formalisert, avtalefesta samarbeid.

Mørealliansen vart i 2011 tildelt kr 1 mill for å utvikle såkalla samfunnskontraktar: "Midlene skal bidra til at Mørealliansen etablerer forpliktende dialog med viktige samarbeidspartnere i regionen. Denne dialogen skal være et utgangspunkt for økt kontaktflate mellom institusjonene og samfunnet."

Styringsgruppa for Mørealliansen har starta ein prosess med mål å utvikle innhaldet i slike samfunnskontraktar. Ambisjonen er at desse skal gjelde heile bredda av verksemda til dei tre

høgskulane og Møreforsking, dvs. både grunnutdanning, etter- og vidareutdanning, forsking, nettverks- og arenabygging og den rolla som institusjonane har som utviklingsaktørar regionalt og nasjonalt. Partane er i ferd med å utvikle eit grunnlagsdokument som fastset prinsippa for samarbeidet og arbeidsdelinga mellom institusjonane i høve til eksisterande og nye utdanningstilbod, samarbeid om etter- og vidareutdanning, forsking mv. Det er vidare definert faglege utviklingsområde, som institusjonane vil samarbeide om å utvikle. Prosessen inneber dialog med ei rekke bedrifter, organisasjonar og etatar i arbeids- og næringslivet i regionen.


Som ein integrert del av arbeidet med å utvikle samfunnskontraktar har dei tre høgskulane bestemt seg for å etablere eit felles Råd for samarbeid med arbeidslivet (RSA). Eit slik Råd vil kome til erstatning for dagens Høgskuleforum der Møre og Romsdal fylkeskommune, NHO, Forskningsrådet, Møreforsking, Høgskulesenteret i Kristiansund og dei tre høgskulane deltek. Dette vil bli utvida med ei rekke nye aktørar. Styringsgruppa arbeider med å utvikle mandatet for og samansetjinga av eit slik Råd.

Det er inngått ein konsortieavtale mellom partane i Mørealliansen som fastlegg rammene for arbeidet med å utvikle samfunnskontraktar.

Gjennomføring av budsjettet for 2011 og endring i avsetningane

Den samla studiepoengproduksjonen i 2011 vart 2 245,9 60-studiepoengeiningar, og dette er 273 meir enn i 2010 og eit imponerande resultat!


Studiepoengproduksjonen i åra frå 2001 til 2011 (eigenfinansierte studentar) ved HVO:



Studiepoengproduksjonen for 2011 er den høgaste nokon gong, og den ligg godt over det tidlegare toppåret 2004. Sidan vi har fått basisløyving for nye studieplassar frå og med hausten 2009, forventar vi at produksjonen vil ligge om lag på dette nivået i åra framover.

Auka basisløyving og den auka utdanningsløyvinga har finansiert ein del av den auka aktiviteten i 2011, men kravet om auka studieplassar er berre delfinansiert av basisløyving, og vi må bruke av avsette midlar til resultatdelen før auken i studieplassane kjem inn for fullt. 2013 vil gje oss ei auka ramme i undervisningskomponenten på kr 10,5 mill kr.

Nedgangen i studiepoengaktiviteten i åra frå 2004 til 2008 gjorde det nødvendig å bygge opp avsetningane. Midlane har kome godt med i åra frå 2009 der vi har hatt aukande aktivitet.



Frå og med 2013 vil vi bygge opp avsetningsnivået igjen.

Utviklinga i avsetningsnivået for den ordinære løvvingsfinansierte verksemda frå utgangen av 2010 til utgangen av 2011 kjem fram av tabellen under. Avdelingane får høve til å leggje inn eit disposisjonsbudsjett som avvik frå ramma for året. Som vi ser av tabellen, kom alle avdelingane, kanskje med eit lite unntak for AMF, godt i mål med budsjettet for 2011.

	Avsetningar per 1.1.2011	Sum fordelt ramme 2011 inkludert alle tillegg	Innlagt disposisjons-budsjett 2011	Budsjettert resultat 2011	Budsjetterte avsetningar pr 31.12.2011	Avvik mot budsjettet 2011	Avsetninga etter rekneskap 2011	"Resultat 2011" er lik endring UB-IB
Felles HVO	832	97 379	97 702	-323	509	34	543	-289
AKF	-744	27 066	25 336	1 730	986	88	1 074	1 818
ASH	3 201	34 673	36 249	-1 576	1 625	533	2 158	-1 043
AMF	-786	21 271	20 985	286	-500	-652	-1 152	-366
AHL	2 703	51 877	55 842	-3 965	-1 262	344	-918	-3 621
IAal	608	1 712	2 136	-424	184	110	294	-314
SUM HVO	5 814	233 978	238 250	-4 272	1 542	457	1 999	-3 815

Når det gjeld kostnadssida i rekneskapen, er denne periodisert slik at den skal vise kostnadene for den aktiviteten som har vore utførd i året.

Inntektsida i rekneskapen er basert på løyvinga frå KD for året. Sidan denne er rekna etter aktiviteten to år tilbake i tid, får vi ikkje fram eit resultat som gir mening. Derfor er ordet resultat i denne tabellen sett i hermeteikn.

For at vi internt skal ha eit rettare bilde av situasjonen, har vi i tabellen på neste side korrigert løyvinga for 2011 med den faktiske studiepoengproduksjonen for 2011 basert på satsane for 2011. I

denne tabellen har vi med andre ord periodisert inntektsløyvinga etter beste skjønn, og vi har her rekna at anna aktivitet enn studiepoengproduksjonen er netto uendra frå 2010 til 2011.

Resultat for 2011 der ramma er omrekna etter faktisk studiepoengproduksjon i 2011

	Sum fordelt ramme 2011 inkludert alle tillegg	Av dette resultatløying basert på stp- produksjon 2009	Tilsvarande studiepoengløying basert på produksjonen i 2011	Korrigert ramme for 2011	Rekneskap 2011	Resultat 2011
Felles HVO	97 379	14 979	17 006	99 406	97 668	1 738
AKF	27 066	12 689	13 207	27 584	25 248	2 336
ASH	34 673	15 010	18 071	37 734	35 716	2 018
AMF	21 271	10 279	11 100	22 092	21 637	455
AHL	51 877	21 646	25 605	55 836	55 498	338
IAal	1 712	294	340	1 758	2 026	-268
SUM HVO	233 978	74 897	85 329	244 410	237 793	6 617

Som vi ser, gir dette eit heilt anna bilde av resultatet for 2011. Sjølv om pengane ikkje kjem inn før i statsbudsjettet for 2013, er det i 2011 dei er opptente.

Når vi samstiller desse to tabellane, ser vi at vi gav avdelingane høve til å leggje inn disposisjonsbudsjett på til saman kr 238 250 000. Dette var basert på den planlagde aktiviteten for 2011. Sjølv om tala på dette tidspunktet såg høge ut, var dette på langt nær eit uforsvarleg nivå, jf. den korrigerte ramma i tabellen over som tilsvarande kom på kr 244 410 000.

Både AMF og AHL har i 2011 brukt betydelege midlar til kompetanseoppbygging og utviklingsarbeid. I åra framover vil dette gje større positive resultat.

I løpet av 2011 fekk vi innført det nye budsjetteringssystemet i Agresso, Agresso Planner. I samarbeid med Uninett har vi fått utvikla systemet slik at det fungerer vel så bra som det tidlegare systemet. Vi har med dette gitt avdelingane eit endå betre grunnlag for økonomistyring i 2012.

Aksjepostar

Høgskulen i Volda eig fire mindre aksjepostar som er investerte etter den nye ordninga frå 2003. Fullmakter til aksjekjøp i samsvar med reglementet frå KD er ikkje delegert til avdelingane.

Aksjepostane i Møreforsking AS og i Høgskolesenteret i Kristiansund AS er kjøp som er samordna med dei andre to høgskulane i fylket, og vi har gått inn med like store eigarpartar.

Høgskolesenteret i Kristiansund AS

Høgskulen i Volda har tidlegare hatt stor aktivitet i Kristiansund. I hovudsak har vi hatt tilbod om allmennlærarutdanning, førskulelærarutdanning og PPU på deltid. Høgskulane hadde opphavleg tenkt at når vi var ute av avtalen om husleige og drift av senteret i Kristiansund, så skulle vi berre kome inn som brukarar av senteret dersom det var ein marknad for studietilboda våre – på lik linje med andre tilbydarar. Andre burde kunne ta seg av infrastruktur og drift.

Etter at vi fekk invitasjonen om å teikne aksjar i det nye selskapet, vurderte vi likevel situasjonen slik at vi burde gå inn og støtte etableringa. Det var i tråd med vårt ansvar for å bidra til kompetanseheving i regionen, og vi trur at det nye senteret kan vere ein nyttig reiskap her. Det vil også vere ein viktig symboleffekt at høgskulane er med i dette selskapet. Vi er tydelege på at vi vil avgrense forpliktingane våre til å gå inn som eigarar og elles vere tilbydarar av studietilbod. Driftskostnadene til senteret må andre ta seg av.

Møreforsking AS

Selskapet har som formål å drive forskings- og utviklingsarbeid, utgreiingar og rådgivande verksemd for næringsliv, offentleg forvaltning, organisasjonar og andre, samt delta i andre aktivitetar som står i naturleg samanheng med dette.

Høgskulane vurderer at eit samarbeid med Møreforsking er til styrke for alle.

Egget Egedom AS

Egget inngår som delprosjekt i eit kulturhussenter i Volda. Egget skal vere eit lokale som er spesiallaga for framføring av akustisk og eksperimentell musikk. Det er tenkt laga med ei eineståande utforming der publikum er plassert i spiral på ulike nivå for å få ei optimal oppleving. Planen er at Egget kan gi rom for eit mangfold av aktivitetar: konsertar og visningar for t.d. orkester, kor, opera, korps og dans, innspelingar og opptak, installasjonar, multimediasprodukt og kulturproduksjonar. Lokalet kan også nyttast til øvingar og forskings- og utviklingsarbeid.

Egedomsselskapet Egget Egedom AS er skipa for å arbeide med å realisere dette delprosjektet. Vi har satsa på utvikling av dei praktisk-estetiske fag som musikk, drama og forming, og derfor er dette prosjektet interessant. Framdrifta i prosjektet har dessverre ikkje vore den beste, og for tida er det usikkert om selskapet kan overleve.

LEAN-akademiet AS

Intensjonen med etableringa av LEAN-akademiet er å kome i gang med eit undervisningstilbod for næringslivet og kommunane i regionen basert på LEAN-prinsippa. LEAN er ein måte å arbeide og tenkje på som hjelper ei verksemd til å betre sine produksjons- og logistikkprosessar. Det handlar om å organisere produksjonen av varer og tenester med minst mogleg spill av tid og ressursar. I tillegg søker ein å ta vare på og utvikle kompetansen til medarbeidarane.

Vi har vurdert dette som eit interessant initiativ som vi bør vere med på. Det kan føre til utvikling av eit kompetansemiljø hos oss som kan gi opplæring og rettleiing på ulike nivå i bedrifter og kommunar i regionen. Vi trur dette vil styrke masteren vår i samfunnsplanlegging og føre til betre kontakt med næringslivet i regionen. Framdrifta i dette selskapet er no god.

3. Planar for 2012

Sektormål 1 – utdanning

Høgskulane skal gi utdanning av høg internasjonal kvalitet i samsvar med samfunnet sine behov

Verksemdmål 1.1: Høgskulen i Volda er høgskulen for human- og samfunnsvitskapane i Møre og Romsdal. Vi skal vere ein institusjon som gir profesjonsutdanninger på bachelor- og masternivå for skule og barnehage, velferd, media og kultur.

Resultatmål:

- Høgskulen i Volda skal i 2012 ha revidert alle studieplanane med sikte på klarare målretting, profilering og organisering i forhold til behov i samfunnet og eigne behov for konsentrasjon og profilering. Studieplanarbeidet skal gjennomførast i tett samarbeid med praksisfeltet.
- Høgskulen i Volda skal vere ein institusjon med særleg ansvar for nynorsk i fag- og profesjonsutdanning
- Høgskulen i Volda skal vidareutvikle institusjonsavtalar og samarbeid som sikrar tilgang på gode praksisplassar for profesjonsutdanningane, også i utlandet. Vi skal ha god kontakt med samfunn/profesjon/næringsliv og sikre at profesjonsutdanningane fagleg sett er oppdaterte og at innhald og arbeidsmåtar er relevante for seinare profesjonsutøving.
- Høgskulen i Volda skal starte opp master i mediefag hausten 2012 under føresetnad av godkjennning frå NOKUT
- Høgskulen i Volda skal planleggje ein lærarmaster våren 2012 med start hausten 2013
- Høgskulen i Volda skal arbeide for opprettning av nye studieplassar til ei eiga kulturpedagogutdanning retta mot kulturskulen
- Høgskulen i Volda skal delta aktivt i utviklinga av ny sosial- og velferdsutdanning
- Høgskulen i Volda skal arbeide for opprettning av kulturfagemne på masternivå

Verksemdmål 1.2: Høgskulen i Volda skal samarbeide med andre utdanningsinstitusjonar med sikte på arbeidsdeling og konsentrasjon for å tryggje høgskulen si framtid og regionen sitt framtidige kompetansebehov

Resultatmål:

- Høgskulen i Volda skal vidareutvikle grunnskulelærarutdanningane innan UH-nett Vest i tråd med retningslinene frå KD
- Høgskulen i Volda skal gjennomføre ein fellesgrad i grunnskulelærarutdanning – 1-7 deltid – saman med Høgskulen i Sogn og Fjordane, innanfor ramma av UH-nett Vest samarbeidet
- Høgskulen i Volda skal delta i Prosjekt Mørealliansen med hovudvekt på fagleg utvikling og samarbeid innan utdanning
- Høgskulen i Volda skal i samarbeid med helse- og sosialfaga i UH-nett Vest tilby masterutdanning i helse og sosialfag
- Høgskulen i Volda skal samarbeide med sosialfagmiljøa i UH-nett Vest om arbeidsdeling og utnytting av fagleg kompetanse
- Høgskulen i Volda skal halde fram samarbeidet med Høgskulen i Sogn og Fjordane om rettleiing for pedagogisk personale

- **Høgskulen i Volda skal vere aktiv i samarbeidet innan UH-nett Vest i utvikling av nye etterutdanningstilbod knytt til faget *Pedagogikk og elevkunnskap***
- **Høgskulen i Volda skal følgje opp inngått intensjonsavtale med NLA høgskulen i Bergen om samarbeid rundt master i GLU knytt til religionsfaget**
- **Høgskulen i Volda skal arbeide for utvikling av eit senter for friskheit og livskvalitet i samarbeid med Høgskolen i Ålesund, Høgskolen i Molde og utvalde kommunar og Møre og Romsdal fylkeskommune**

Verksemdmål 1.3: Høgskulen i Volda skal vere kjend som ein attraktiv høgskule både regionalt og nasjonalt

Resultatmål:

- **Opptaket på dei fleirårige studia skal ligge på same nivå som i 2011**
- **Søkinga til Høgskulen i Volda skal auke med 5% i 2012**
- **Høgskulen i Volda skal vidareutvikle fleksible utdanningstilbod – spesielt innan profesjonsutdanningane og vidareutdanningar retta mot lærarar**
- **Høgskulen i Volda skal ta opp minst 100 studentar til grunnkulelærarutdanningane**
- **Høgskulen i Volda skal ta opp minst 120 sosialfagstudentar**
- **Høgskulen i Volda skal vere blant dei beste høgskulane når det gjeld bruk av digitale verktøy/elæring**

Risikovurderingar:

Det største trugsmålet mot måloppnåinga til Høgskulen i Volda er at vi ikkje får tilstrekkeleg opptak til dei viktige grunnutdanningane våre. Sjølv om vi hadde ein bra auke i talet på nye studentar i 2011, har vi framleis ikkje god nok rekruttering til nokre av profesjonsutdanningane, særleg ikkje til grunnkulelærarutdanninga 1-7. Forklaringa kan delvis ligge i låg status for velferdsstatens yrke og høgkonjunktur med lett tilgang på godt løna arbeid i privat sektor. Følgjene for Høgskulen i Volda kan bli alvorlege. Styresmaktene har difor eit stort ansvar for å gjere velferdsutdanningane meir attraktive. Ved Høgskulen i Volda har vi auka innsatsen i marknadsføring av studietilboda våre. Vi har også laga ein rekrutteringsplan som vert revidert årleg og som blir drøfta med styret på kvart desembermøte. Vi skal også i 2012 gjennomføre prosjekt for å rekruttere søkerarar til sosialarbeidarutdanningane og gjere veven vår betre tilgjengeleg for søkerane. Vi legg stor vekt på å rekruttere dyktige fagfolk og gi dei gode vilkår for kompetanseutvikling og vil auke innsatsen her i 2012. På den måten legg vi til rette for god undervisning og eit godt omdøme. Vi trur at risikoen for rekrutteringssvikt minskar som følgje av større ungdomskull dei nærmaste åra.

Eit trugsmål mot fagporteføljen vår, både ved HVO og nasjonalt, er at den valfrie delen av den nye grunnkulelærarutdanninga er redusert. Dette vil kunne føre til at dei praktisk-estetiske fagtilboda får ein mindre plass i denne utdanninga, og at det blir vanskelegare å oppretthalde desse fagmiljøa. Som eit mottiltak arbeider vi vidare med utvikling av eit utdanningstilbod for kulturpedagog som vi på sikt skal kunne tilby. Dette er særleg aktuelt etter signala frå regjeringa i Kulturløftet II og satsinga på Kulturskulen som kompetancesenter i kommunane.

Høgskulen i Volda er uroa over signal om moglege endringar i ordninga med PPU, og vi vil streke under at det er svært viktig å halde fram med fleire lærarutdanningar i tillegg til GLU. Vi har god erfaring med fagbachelorgrad pluss PPU, og vi ser det slik at dette tilbodet vil vere heilt avgjerande for å stette behovet for kvalifiserte lærarar i ulike fag rundt om i landet.

Verksemdmål 1.4: Høgskulen i Volda skal tilby eit godt læringsmiljø med undervisnings- og vurderingsformer som sikrar fagleg nivå, læringsutbytte og god gjennomstrøyming

Resultatmål:

- **Høgskulen i Volda skal stimulere til god dialog mellom tilsette og studentar om innhald og kvalitet i studietilboda. Studenttinget skal få timeplanfesta tid til informasjonsarbeid om studentdemokratiet.**
- **Høgskulen i Volda skal prioritere arbeidet med utviklinga av høgskulepedagogikk i 2012**
- **Høgskulen i Volda skal informere om kvalitetsarbeid og gi god informasjon om temaet på nettsidene**
- **Høgskulen i Volda skal gjennomføre brukarundersøkingar om studentvelferd, studiestart i 2012 og programevalueringar**
- **Høgskulen i Volda skal prioritere arbeidet med oppfølginga av NOKUT si evaluering av førskulelærarutdanninga. I 2012 vert arbeidet knytt til førebuinga av den nye førskulelærarutdanninga.**
- **Høgskulen i Volda skal følgje opp NOKUT-evalueringa av kvalitetssystemet**

Risikovurderingar:

Trugsmålet mot måloppnåinga er manglande engasjement og studentmedverknad. HVO og Studenttinget i Volda må i fellesskap finne fram til gode måtar å auke engasjementet og deltakinga blant tilsette og studentar. Engasjementet er stort blant dei som er med, men utfordringa er å få fleire til å delta. Gode tiltak er at vi møter i kvarandre sine leiarmøte. Fagutvala er også ein viktig arena som må fungere godt. HVO skal vurdere om det formelle kvalitetssystemet er i tråd med det faktiske kvalitetsarbeidet og sjå om dette kan sameinast. Vi har også utfordringar knytt til dei ulike evalueringane og korleis resultata av desse blir brukt. Målretta kommunikasjon om kvalitetsarbeid og betre informasjon på nettsidene våre er tiltak som vart sett i verk i 2011, og som vi vil arbeide vidare med i 2012.

Delar av realiseringa av handlingsplanen for inkluderande læringsmiljø kan bli hindra av knappe budsjett. For å unngå at investeringar blir salderingspostar i budsjettetthandsaminga, har HVO innarbeidd i budsjettfordelingsmodellen at ein bestemt del av basisløyvinga skal nyttast til investeringar. Læringsmiljøarbeidet handlar også om å påverke haldninga. Difor må vi nytte ulike informasjonstiltak for å gjere lærarane medvitne om korleis ein legg til rette lærингssituasjonen i samsvar med krava om universell utforming.

Kommentarar:

NOKUT har evaluert og godkjent kvalitetssystemet vårt i 2011. I 2012 skal vi arbeide med å følgje opp merknadene frå NOKUT. HVO har også laga ein plan for oppfølging av NOKUT-evalueringa av førskulelærarutdanninga. Der legg vi vekt på å auke kompetansen til faglærarane. Vi tek sikte på å redusere talet på mellombels tilsette. Målet er å få ein meir kompetent og stabil stab som identifiserer seg med førskulelærarutdanninga. Vi har organisert oss med ei gruppe for rammeplan og ei gruppe for kompetanseutvikling.

Verksemdmål 1.5: Høgskulen i Volda skal ha eit utstrekkt internasjonalt utdanningssamarbeid som har høg kvalitet, og som medverkar til auka utdanningskvalitet

Resultatmål:

- Høgskulen i Volda skal førebu alle studentar på møtet med det fleirkulturelle Noreg
- Høgskulen i Volda skal søkje om tre nye IP-prosjekta (Intensive Projects – Life Long Learning Programme) våren 2012
- Høgskulen i Volda skal oppretthalde minst same aktivitet når det gjeld utvekslingsstudentar som i 2011. Vi vil satse ekstra på Erasmus-mobilitet, og vil arbeide for å matche talet på innreisande Erasmus-studentar som er rundt 50 per semester.
- Høgskulen i Volda skal arbeide for å auke praksismobiliteten gjennom Erasmus-programmet, og for å opprette eit konsortium for praksisutpllassering i tett samarbeid med m.a. VRI-prosjektet og ein eller fleire høgskular
- Høgskulen i Volda skal oppretthalde minst same aktivitet knytt til solidariske samarbeidsprosjekt med partnarar i Sør (Afrika, Asia, Sør-Amerika)
- Høgskulen i Volda skal i løpet av 2012 utvikle fleire engelskspråklege emne og tilby nokre av dei emna som i dag går på norsk på engelsk
- Høgskulen i Volda skal i løpet av 2012 arbeide med kvalitetsforbetring av dei engelskspråklege tilboda og nettsidene
- Høgskulen i Volda skal legge til rette for og kvalitetssikre studieopphald ved utanlandske lærestader
- Høgskulen i Volda skal utvikle tettare samarbeid med utvalde utanlandske lærestader med sikte på systematisk samarbeid om profesjonsutdanninger på BA- og MA-nivå
- Høgskulen i Volda skal legge til rette for internasjonalt fagleg samarbeid og utveksling
- Høgskulen i Volda skal arbeide for at fleire tilsette nytta seg av Erasmus-stipend
- Høgskulen i Volda skal stimulere studentar og nyutdanna lærarar til å søkje støtte frå Comenius-programmet
- Høgskulen i Volda skal søkje om Diploma Supplement i 2012
- Høgskulen i Volda skal samarbeide med utdanningsinstitusjonane i UH-nett Vest om deltaking og stand på EAIE-konferansen i Dublin 11. - 14.09.2012

Verksemdmål 1.6: Høgskulen i Volda skal utdanne kandidatar med høg kompetanse i samsvar med samfunnet sine behov

Resultatmål:

- Høgskulen i Volda skal utdanne minst 280 bachelorkandidatar
- Høgskulen i Volda skal utdanne minst 50 masterkandidatar
- Høgskulen i Volda skal utdanne minst 40 allmennlærarkandidatar og 50 PPU-kandidatar
- Høgskulen i Volda skal ligge på nasjonalt gjennomsnittsnivå når det gjeld studiepoengproduksjon pr heiltidsstudent

Tabell til sektormål 1	Resultat					Ambisjons-nivå
	2008	2009	2010	2011	2012	
Talet på studietilbod i samarbeid med andre norske institusjonar (fellesgrader)			0	2	2	
Talet på utvekslingsstudentar (ut/innreisande)	172	179	168	182	210	
Talet på framandspråklege studietilbod (15 studiepoeng)	10	13	7	7	15	
Studietilbod i samarbeid med andre utanlandske institusjonar (fellesgrader)	0	0	0	0	1	
Talet på primærskjarar per studieplass	1,3	1,3	1,3	1,3	1,5	
Talet på studietilbod i samarbeid med andre institusjonar	1	5	5	3	5	
Utekaminerte kandidatar på bachelorprogram	259	245	288	264	280	
Utekaminerte masterkandidatar	38	29	30	52	50	
Utekaminerte allmennlærarkandidatar	53	53	64	55	40	
Utekaminerte PPU-kandidatar	51	69	44	69	50	
Opptak til GLU				84	100	
Opptak til sosialfag				151	120	
Primærskjarar i samordna opptak	1 270	1 312	1 187	1 349	1 450	
Registrerte heiltidsstudentar	2 398	2 468	2 654	2 769	2 700	
Nye studiepoeng pr eigenfinansiert heiltidsstudent per år	50	50	47	48,8	50	
Studentar pr undervisnings- forskings- og formidlingsstilling	17,5	16,2	16,8	18,2	16	
Studiepoengproduksjon, nye eigenproduserte	1 826	1 912	1 973	2 246	2 180	
Gjennomføring i høve avtalt utdanningsplan i prosent	85,6	84,5	85,4	83	86	

Sektormål 2 - forsking

Høgskulane skal i tråd med sin eigenart, utføre forsking, kunstnarleg og fagleg utviklingsarbeid av høg internasjonal kvalitet

Verksemdmål 2.1: Høgskulen i Volda skal oppnå betre resultat innan FoU ved god tilrettelegging

Resultatmål:

- **Høgskulen i Volda skal vidareføre løyvinga til dei interne forskingsprogramma for å fremje forsking og kompetanseheving på strategiske felt**
- **Høgskulen i Volda skal legge til rette for bolkelegging av FoU-ressursar**
- **Høgskulen i Volda skal stimulere tilsette til å delta i internasjonale kompetansenettverk og knyte til oss internasjonale forskarnettverk gjennom Strategiske høgskuleprosjekt og andre større forskingsprosjekt**
- **Høgskulen i Volda skal sende tre prosjektsøknader til Strategiske høgskuleprogram og få tilslag på minst eit**
- **Høgskulen i Volda skal vere blant dei fem beste i høgskulegruppa når det gjeld publikasjonspoeng**
- **Høgskulen i Volda skal auke produksjonen av publikasjonspoeng ved at fleire fagtilsette publiserer**
- **Alle som får tildelt FoU-ressursar skal dokumentere korleis desse ressursane er nytta, og vi skal legge til rette for god framdrift**
- **Alle i fagstilling skal få tilbod om å kople seg til forskargrupper/program**
- **Høgskulen i Volda skal gjennom UH-nett Vest arbeide for betre tilgang til fleire e-bokdatabasar**

Risikovurderinger:

Eit trugsmål mot måloppnåinga er at forskingsverksemda vert skvisa i høve til undervisninga. Som eit tiltak har høgskuleleiinga oppmoda avdelingsleiringane om å leggje til rette for at fagtilsette kan få frigjort meir samanhengande tid til FoU. Eit anna trugsmål er det generasjonsskiftet vi står overfor i løpet av nokre få år. Viktige tiltak for å møte dette trugsmålet er organiseringa av forskingsprogram og auka innsats på kompetanseutvikling. Forskingsprogramma skal ha tydeleg fagleg leiing og omfatte fleire forskrarar på ulike kompetansenivå. Tiltaket er prioritert, og vi er komne godt i gang. Det var god søking både til dei fleirårige programma og til såkornmidlane. Søknadane til dei fleirårige programma vart vurderte av ein ekstern kommisjon og fekk god omtale. I budsjettet for 2012 har vi sett av midlar til delfinansiering av forskingsprogramma. Styret har vedtatt å halde den samla løyvinga til FoU på dette nivået.

Kommentarar:

Viktige tiltak i FoU-planen elles er at medarbeidarsamtalar og arbeidsplanane til vitskapleg tilsette skal brukast meir målretta til å gjere alle aktive i forskings- og formidlingsarbeid, til å fordele FoU-ressursar til gode prosjekt og program og til kollegarettleiing og forskingsleiing.

Verksemål 2.2: Høgskulen i Volda skal samarbeide aktivt i nettverksorganiserte kvalifikasjonsprogram og forskarskular

Resultatmål:

- **Høgskulen i Volda skal aktivt samarbeide med andre institusjonar om forskarutdanning, spesielt forskarskular som er retta mot behova i profesjonsfaga**
- **Høgskulen i Volda skal delta i arbeidet med å etablere forskarskular (doktorgradsutdanning) innan UH-nett Vest**
- **Høgskulen i Volda skal delta aktivt i forskarskulen «Religion, Values and Society» og i Grieg Research School**
- **Høgskulen i Volda skal delta i samarbeid med NTNU og andre høgskular/universitet om ein nasjonal forskarskule i psykisk helse**

Verksemål 2.3: Høgskulen i Volda skal gjennom tildelte stipendiatstillingar syte for god gjennomføring av forskarutdanninga

Resultatmål:

- **Høgskulen i Volda skal evaluere ordninga med å knyte stipendiatar til program**
- **Stipendiatprogrammet i fagdidaktikk skal halde fram i 2012**
- **Stipendiatprogrammet i profesjonsforskning skal vidareførast i 2012**
- **Alle stipendiatar skal følgjast opp med medarbeidarsamtale minst ein gong i året**
- **Høgskulen i Volda legg til rette for at stipendiatar kan ha kortare eller lengre utanlandsopphald**

Risikovurderingar:

Det er fleire trugsmål mot måloppnåinga om god gjennomføring av forskarutdanninga, t.d. manglar ved oppfølginga på Høgskulen i Volda. Dette kan få alvorlege følgjer for gjennomføringa. Vi har sett på forbetringspotensialet og sett i verk ein del tiltak som skal betre gjennomføringa. Stipendiatar som blir tilsette får ikkje løn før dei er tekne opp på doktorgradsprogram. Vi har også innført intervju ved tilsetting for å formidle forventningar og krav og sjekke motivasjon. Eige reglement for oppfølging av stipendiatar er vedteke. Vidare er satsane for driftsmiddel auka samstundes som det er etablert ei ordning for finansiering av utanlandsopphald. Krav til undervegsrapportering er skjerpa. Høgskulen i Volda har og satsa på å knyte stipendiatane til større program med klare mål, god rettleiing og oppfølging og har sett av midlar til koordineringa av programma. Dette tiltaket må evaluerast i 2012.

Kommentarar:

Forskningsutvalet skal ein gong i året handsame statusrapport over framdrift og oppfølging vedrørande stipendiatar og andre i doktorgradsløp.

Tabell til sektormål 2	Resultat				Ambisjons-nivå
	2008	2009	2010	2011	
Publikasjonspoeng pr undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling	0,49	0,43	0,39	*	0,40
NFR-tildeling pr undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling (1 000 kr)	37	38	33	19	33
EU-tildeling pr undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling	0	0	0	0	0
Talet på fagtilsette som publiserer	28	39	49	*	60

* Tal ligg ikkje føre enno

Sektormål 3 - formidling

Høgskulane skal vere tydelege samfunnsaktørar og bidra til formidling, internasjonal, nasjonal og regional utvikling, innovasjon og verdiskaping

Verksemdmål 3.1: Høgskulen i Volda skal vere ein attraktiv samarbeidspartner i regional utvikling

Resultatmål:

- **Høgskulen i Volda skal oppretthalde same nivået på den eksternt finansierte verksemda i 2012**
- **Høgskulen i Volda skal gjennom aktivt samarbeid om praksisopplæring vere ein utviklingsaktør i regionen**
- **Høgskulen i Volda skal samarbeide tett med Fylkesmannen i Møre og Romsdal om kompetanseheving og utviklingsarbeid på barnehage- og skulesektoren i fylket**
- **Høgskulen i Volda ved AMF skal samarbeide med Vestnorsk Filmsenter og Møre og Romsdal fylkeskommune om tiltak som kan bidra til utvikling av nye selskap, nye arbeidsplassar og betra omdøme**
- **Høgskulen i Volda skal samarbeide med kommunar og offentlege etatar om kompetanseheving, plan- og utviklingsarbeid knytt til kommunale, sosiale og helsefaglege spørsmål**
- **Høgskulen i Volda skal vere ein aktiv medspelar i Bulystprosjektet i regi av Volda Kommune, der StudiebygdA er ein sentral komponent**

Verksemdmål 3.2: Høgskulen i Volda skal tilføre samfunnet resultata frå FoU-verksemda gjennom formidling og deltaking i offentleg debatt

Resultatmål:

- Høgskulen i Volda skal halde fram med å arrangere Forskingsdagane for å synleggjere FoU-verksemda vår
- Høgskulen i Volda skal gjennom internt poengsystem for FoU stimulere fagtilsette til å drive foredragsverksemد, fagleg og populærvitenskapleg formidling og kritisk debatt m.m. om aktuelle samfunnsspørsmål innanfor fagområda våre
- Høgskulen i Volda legg opp til nettbaserte tenester for forskingsformidling. Gjennom nye nettsider vil ein fokusere på framstilling av sentrale forskingsprosjekt, faglege ressursar og publikasjonar.
- Høgskulen i Volda skal arrangere fagkonferansar og seminar med utspring i forskingsverksemda innanfor dei sentrale fagområda våre i samarbeid med regionale, nasjonale og internasjonale aktørar
- Høgskulen i Volda skal arrangere seminar innan kommunikasjon for lokalt næringsliv i samarbeid med VR

Verksemdmål 3.3: Høgskulen i Volda skal vere ein aktiv samarbeidspart for arbeidsliv i regionen gjennom utdanning, innovasjon og verdiskaping

Resultatmål:

- Høgskulen i Volda skal prioritere eit nært samarbeid med offentlege og private interesseorganisasjonar i arbeidslivet
- Høgskulen i Volda skal arbeide vidare med å sikre auka finansiering over statsbudsjettet av *Seanse – senter for kunstproduksjon* i Volda kopla til Den kulturelle skulesekken
- Høgskulen i Volda skal utvikle nyskapande studietilbod i samarbeid med og for regionen, innan leiing, kultur og etablerarkunnskap
- Høgskulen i Volda vil arrangere nyskapingsseminar og følgje opp nye forretningsidéar baserte på forsking og nyskapande studentarbeid
- Høgskulen i Volda skal gjennom utvikling av nye etter- og vidareutdanningstilbod aktivt medverke til nyskapning i regionen
- Høgskulen i Volda skal gjennom VR- og FORNY-prosjekta bidra til å etablere ein sterkare kultur for kommersialisering av forsking og kunnskap generelt, samt å kartlegge og prøve ut HVO sitt potensiale for kommersialisering av FOU-resultat
- Høgskulen i Volda har stilt kontorplass til rådvelde og skal arbeide aktivt for å vidareutvikle aktiviteten knytt til Vestnorsk filmsenter og kulturnæringshagen i Volda
- Høgskulen i Volda skal vidarutvikle tilboden i industrianimasjon i samarbeid med industrien i regionen
- Høgskulen i Volda skal halde fram med å legge til rette for produksjon av nynorske versjonar av utanlandske animasjonsfilmar for born i våre studio
- Høgskulen i Volda skal i samarbeid med Helse Møre og Romsdal utvikle praksis for terapeutiske kulturaktivitetar
- Høgskulen i Volda skal i samarbeid med Kommunenes Sentralforbund utvikle undervisningstilbod knytt til samhandlingsreforma – «Helse i plan»
- HVO skal medverke til eit regionalt utviklingsarbeid knytt til helse – kultur i samarbeid med Mørealliansen og Møre og Romsdal fylke

Verksemdmål 3.4: Høgskulen i Volda skal utvikle fleksible utdanningstilbod i samarbeid med regionale og nasjonale aktørar

Resultatmål:

- **Høgskulen i Volda skal arbeide for å få tildelt studieplassar til prioriterte vidareutdanninger for lærarar i samband med vidareføring av Kompetanse for kvalitet**
- **Høgskulen i Volda skal i 2012 gjennomføre fleire etter- og vidareutdanninger for lærarar og førskulelærarar i nært samarbeid med skule- og barnehageeigarar**
- **Høgskulen i Volda skal i samarbeid med regionale organisasjonar og etatar (kommunar, fylke, fylkesmann, NAV) arrangere kurs- og undervisningsopplegg knytt til velferds- og sosialtenester, leiing, omsorg, utdanning**
- **Høgskulen i Volda skal tilby kurs i forretningsengelsk for næringslivet**
- **Høgskulen i Volda skal tilby kurs i organisasjon og leiing for kommunar og næringsliv**
- **Høgskulen i Volda skal gje tilbod på deltid i førskulelærarutdanning, grunnskulelærarutdanning (1-7) og praktisk pedagogisk utdanning**
- **Høgskulen i Volda skal gje tilbod om nettbasert undervisning i norsk, engelsk, religion og historie**
- **Høgskulen i Volda skal halde fram med å tilby nettbaserte/samlingsbaserte betalingskurs i Deskjournalistikk og Undersøkande journalistikk**
- **Høgskulen i Volda skal ha tett samarbeid med Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa, Nasjonalt senter for fleirkulturell oppvekst, Nynorsk kultursentrum og Nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringa**
- **Høgskulen i Volda skal i samarbeid med regionen, næringsliv og kommunar utvikle eit moduloppbygd studietilbod innan krisehandtering**
- **Høgskulen i Volda skal utvikle eit nytt emne knytt til demensomsorg**
- **Høgskulen i Volda skal gjere førelesingar og anna læringsstoff tilgjengeleg for studentar via internett, og vidareutvikle produksjons- og distribusjonsformer for dette**
- **Høgskulen i Volda skal i samarbeid med Toll- og Avgiftsdirektoratet vidareføre kurs i offentleg forvaltning**
- **Høgskulen i Volda skal saman med kommunar utvikle etterutdanningstilbod innan læringsretta vurdering**
- **Høgskulen i Volda skal utvikle studieeininger i helse- og sosialrett**

Risikovurderingar:

Etter- og vidareutdanning er eit prioritert område, men tilgang på faglege ressursar er ein kritisk faktor. Dei fagtilsette er bundne opp av arbeidsoppgåver knytte til campusstudentar, og det er ikkje tradisjon for å ha fagleg kapasitet utover ordinær portefølje. Dertil kjem at det er vanskeleg å få i stand avtale om bruk av overtid. Som tiltak prøver vi å inngå avtalar som er langsiktige og som kan innarbeidast i arbeidsplanane. Men vi har ei utfordring fordi etterspurnaden frå kommunar og næringsliv ikkje følgjer høgskulen sitt årshjul. Ressurs til eksternt arbeid må innarbeidast som ein naturleg del av HVO sine hovudoppgåver på lik line med forsking og formidling. Med andre ord bør institutt/seksjonar stimulerast til å setje av ressurs til eksternt arbeid. Fellesnivået kan også inngå avtalar om risikodeling med avdelingane for å stimulere til meir ekstern verksemd.

Høgskulen i Volda har store ambisjonar når det gjeld etter- og vidareutdanning for lærarar. I det nye *Kompetanse for kvalitet – eit varig system for kompetanseheving av lærarar*, legg partane opp til nye prinsipp for kompetanseheving. Nyordninga har ført til redusert aktivitet. Vidareutdanning gir læraren fritak for undervisning – vikarkostnaden blir fordelt mellom stat, skuleeigar og lærar. Ein større del av avsette midlar (både statlege og kommunale) går til å dekkje vikarkostnader og mindre til kompetanseheving. No syner det seg at skuleeigar/kommunane vegrar seg mot å finansiere sin del

av kostnadene og resultatet er at fleire av dei frikjøpte plassane ikkje blir nytta (berre 1250 av 2500 i 2010). Det nye grepet er å tilby ei ordning som er meir fleksibel og tilpassa skuleeigar og lærarane sine behov. Dette for at fleire skal kunne nytte seg av ordninga. I praksis vil lærarane stå friare i val av studiestad og HVO vil kunne tilby dei nasjonalt prioriterte områda. Det er vedteke ei gunstigare finansieringsordning for neste strategiperiode (skuleeigar sin del er redusert frå 40% til 25%), og det blir spennande å sjå om det vil auke oppslutnaden. Ved tildeling av fag i *Kompetanse for kvalitet for 2012-2015*, registrerer vi at tilboda vert sentralisert til dei store byane (i UH-nett Vest er 11 av 14 tilbod knytt til Høgskolen i Bergen). HVO sit att med eit einaste tilbod (Leseløftet 1 for 5.-10. trinn), og då i samarbeid med Høgskulen Stord/Haugesund. I førre strategiperiode hadde HVO tre tilbod. Denne utviklinga er eit trugsmål både mot fagmiljøa ved dei mindre høgskulane som blir avskorne frå den viktige kontakten med praksisfeltet og mot retten til lik tilgang til vidareutdanning. Ei sentralisering vil gjere det vanskelegare for lærarar i distrikta å ta vidareutdanning.

Tabell til sektormål 3	Resultat					Ambisjons-nivå
	2008	2009	2010	2011	2012	
Omfang av bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA) (utanom NFR og EU)	11 077	12 096	11 072	9 210	11 100	
Mottekne forretningsidear			12	1	3	
Mottekne forretningsidear som har resultert i oppretting av selskap			5	1	1	

Sektormål 4 - organisering

Høgskulane skal ha effektiv forvalting av verksemda, kompetansen og ressursane i samsvar med samfunnsrolla si

Verksemdmål 4.1: Høgskulen i Volda skal sikre ei god og effektiv forvalting av ressursane

Resultatmål:

- I 2012 skal driftskostnader pr. avgelde 60-studiepoenge vere kr 145 000
- I 2012 skal driftskostnader pr. publikasjonspoeng vere kr 3 200
- Tilhøvet mellom tilsette i undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar og talet på administrative stillingar skal i 2012 vere 2,6
- Høgskulen i Volda skal samarbeide med høgskulane på Nordvestlandet (Molde, Ålesund, Sogn og Fjordane) om studieadministrative tenester og IKT
- For å sikre innkjøpsrutinane våre, skal vi vere med i SAK Innkjøp saman med NTNU og andre høgskular i Region Midt

Risikovurderingar:

Høgskulen i Volda har i dag over 20 ulike system knytt til sentrale administrative område. Dei fleste av desse systema har vore pressa på oss frå sentralt hald, til dømes frå Senter for statleg økonomistyring (SAP/SAP-portalen). Intensjonane er dei beste: Effektiv handsaming av mange prosessar og prosedyrar, inkludert generering av sentrale økonomidata, korrekte rekneskap, modernisert oppgåveløysing i staten og så vidare.

Som nettobudsjettert institusjon er vi i stor grad sjølvstyrte, og i dette ligg at departementet har overført eit stort ansvar til oss. Dette gjeld også oppfølging av ei rekke sentrale og vanskelege regelverk som til dømes:

- regelverket for rekneskapsføring i nettobudsjetterte institusjonar
- MVA-regelverket
- innkjøpsregelverket
- opptaksføresegner

Samarbeidet mellom institusjonane i sektoren med støtte frå UNINETT (TROFAST-prosjektet) har sytt for at vi, som ein middels stor høgskule, har klart å henge med i dette omfattande arbeidet med høvesvis små ressursar. Vi har klart dette berre ved å bygge opp spesialistkompetanse på dei ulike områda (nøkkelpersonar), og det har til tider vore vanskeleg å praktisere "jobb-rotasjon". Ein risiko vil vere at vi ikkje klarer å bygge opp nok kompetanse slik at vi har overlappingsfunksjonar på dei mest sårbare områda. For å redusere risikoen arbeider vi mellom anna for å få til meir samarbeid i regionen og gjennom andre nasjonale nettverk.

Ein risiko kan også vere at same personen til tider er inne i for mange prosessar i leverandørregisteret: registrering av leverandøren, bilagsregistrering og remittering. Vi er merksam på risikoen, og vi har rutinar som er spesielt tilpassa denne risikoen:

- to personar må autorisere alle utbetalingar sjølv om økonomireglementet set krav om berre ein
- rutinane rundt det elektroniske fakturahandsamingssystemet gjer at innsynet til alle fakturaer vert fordelt til fleire personar
- tilpassing av brukartilgangar i økonomisystemet

Verksemdmål 4.2: Høgskulen i Volda skal gjennom eigen personalpolitikk medverke til eit høgt kompetansenivå, eit godt arbeidsmiljø og eit mindre kjønnsdelt arbeidsliv

Resultatmål:

- **Høgskulen i Volda skal styrke satsinga på kompetanseheving for fagleg og administrativt tilsette**
- **Høgskulen i Volda skal arrangere samling for nyttilsette**
- **Høgskulen i Volda skal arbeide for at delen førstestillingar av totalt tal undervisnings-, forskar- og formidlingsstillingar skal auke til over 50 %**
- **Høgskulen i Volda skal arbeide for at delen kvinner av tilsette med førstekompetanse skal auke til 35 %**
- **Høgskulen i Volda skal tilby kurs i engelsk for fagleg tilsette**
- **Høgskulen i Volda skal gjennomføre nytt førstelektrorkurs i samarbeid med høgskulane på Vestlandet og NAFOL**
- **Høgskulen i Volda skal tilby kurs i høgskulepedagogikk for fagleg tilsette**
- **Sjukefråværet skal liggje på under 5%**
- **Talet på midlertidig tilsette skal reduserast**
- **Høgskulen i Volda skal vurdere å auke talet på lærlingar**
- **Høgskulen i Volda skal vurdere å ta imot fleire personar frå NAV for arbeidstrening**

Risikovurderingar:

Ein stram arbeidsmarknad kan føre til at Høgskulen i Volda taper konkurransen om dei gode søkerane. Det er viktig å satse på omdømmebygging og profilering. Det er og ei utfordring å halde på arbeidstakrar med høg kompetanse. Gjennom arbeidsplanane legg vi godt til rette for FoU-verksemد slik at vi kan halde fram med å vere ein attraktiv arbeidsplass for forskarar. Vi har også laga ei incentivordning for våre fast tilsette som ønskjer å ta doktorgrad og vil i åra framover satse meir på kompetanseutvikling for alle grupper av tilsette (jf. risikovurderingar under sektormål 2). Førstelektrorkurset er også eit viktig tiltak i kompetanseutviklinga. I budsjettet for 2012 ligg det inne auka satsing på kompetanseutvikling og forsking. Vi trur at det kan bidra til å gjere HVO meir attraktiv.

Høgre tal tilsette med høg formell kompetanse kan føre til auka kostnader utan tilsvarende inntekter. Det er også ein risiko at godt kvalifiserte tilsette sluttar fordi vi ikkje kan tilby gode nok vilkår ut frå dei økonomiske rammene våre.

Høgskulen i Volda har vedteke etiske retningslinjer. Det er alltid ein risiko for at det skjer brot på desse retningslinjene. HVO vil difor arrangere temadagar der vi diskuterer kva tiltak som kan setjast i verk for å sikre at etiske retningslinjer blir følgde. Første temadag var i vårsemesteret 2011 der fokus var på utdanning. Den neste vil ta opp forskingsjuks.

Kommentarar:

I det vesentlege har Høgskulen i Volda sjølv "utdanna" tilsette i topp- og mellomgruppestillingar. Dette må vi også rekne med i framtida. Vi har difor sett i gang forskingsprogramma for stipendiatar og førstelektrorkurset. På tilsvarende vis kan det bli aktuelt å lage eit eige "dosentprogram", spesielt dersom krava til dosentstillingar knytt til profesjonsutdanningane blir klarare. Ein må og sjå på organiseringa av dei nye forskingsprogramma som eit viktig kompetanseoppbyggingstiltak.

Verksemdmål 4.3: Høgskulen i Volda skal arbeide for å fremje beredskapen på viktige område

Resultatmål:

- **Høgskulen i Volda skal revidere beredskapsplanen og gjere ei vurdering av beredskapen knytt til terrorrugsmål i 2012**
- **Høgskulen i Volda skal vurdere bruken av søkjemotor for overvaking av veven**
- **Høgskulen i Volda skal halde fram arbeidet med IT-sikkerheit i 2012 med spesielt fokus på fornying av backup-systema og ei ekstern vurdering av dei mest kritiske systema våre**
- **Høgskulen i Volda skal styrke beredskapen for studentar i utlandet**
- **Høgskulen i Volda skal arrangere kurs for studentar om trygg ferdsel i naturen**
- **Høgskulen skal ha eit seminar for alle administrativ tilsette om ulike aspekt knytt til sikkerheit og beredskap**
- **Høgskulen i Volda skal i 2012 vurdere korleis og kva for verkemiddel ein skal ta i bruk når ein skal varsle i samband med kriser**

Risikovurderingar:

HVO er svært avhengig av at IT-systema fungerer til ei kvar tid. Forventninga er høg oppetid døgnet rundt heile året. Straumbrot og manglende redundans gjer oss svært sårbare.

Høgskulen i Volda har oppretta ei sikkerheitsgruppe. Medlemmar i denne gruppa er høgskuledirektør, personaldirektør, it-sjef, drift-sjef, HMS-leiar og representant frå Statsbygg. Gruppa har som oppgåve å vurdere og fremje tiltak for å auke sikkerheit knytt til informasjonsteknologi og fysisk sikring av bygningsmasse.

Høgskulen i Volda har lagt store ressursar i å sikre data og nettverk. Det er oppretta eit ekstra datarom i eit anna bygg, for å kunne sikre data og oppetid. Det er også lagt store ressursar i å sikre nettverk og proaktivt kunne stoppe trugsmål, ved å oppgradere nettverksutstyr og innføre fleire verktøy for nettovervaking. I løpet av første halvår 2012 vil Uninett foreta ei ROS analyse av vårt nettverk for avdekke eventuelle svakheiter. Kjøp av eige aggregat blir og vurdert.

Ferdsel i naturen på Sunnmøre kan representera ein risiko dersom ein ikkje er budd. HVO har hatt nokre alvorlege ulukker der studentar har vore innblanda. Vi har difor dei seinare åra arrangert kurs for studentar om trygg ferdsel i naturen.

Tabell til sektormål 4	Resultat					Ambisjons-nivå
	2008	2009	2010	2011	2012	
Driftskostnader pr avlagde 60-studiepoengeining (1 000 kr)	134	138	143	130	145	
Driftskostnader pr publikasjonspoeng (1 000 kr) *	2 793	3 121	3176	*	3 200	
Tilhøvet mellom tilsette i undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar og talet på tilsette i administrative stillingar	2,25	2,52	2,58	2,5	2,6	
Del førstestillingar av totale undervisnings-, forskar- og formidlingsstillingar	37 %	34 %	37 %	42,3	50 %	
Del kvinner av totale stillingar	45,4 %	46,6%	47,3 %	48,5%	50 %	
Del kvinner med førstekompetanse	22,2 %	27,7 %	27,6 %	31,3	35 %	
Avrekningar	-700	-1 158	-10 680	-4 594	-1 000	
Likviditetsgrad (omløpsmidlar/kortsiktig gjeld)	1,71	1,79	1,53	1,42	1,55	
Opppte inntekter BOA inkludert NFR-midlar og studieavgifter	21 066	27 282	27 509	25 530	25 400	

* Tal ligg ikke føre enno

3.2 Plan for tildelt løyving 2012

Løyvinga for 2012 er fordelt internt i styremøte 1. desember 2011, og det er skrive tildeleingsbrev til avdelingane. Budsjettet er fordelt i rammer til avdelingane i samsvar med den vedtekne budsjettmodellen vår. Modellen stimulerer til god aktivitet mellom anna ved at premieringa av resultata som kjem gjennom finansieringsmodellen frå KD, så godt som råd vert vidareførte internt. I samsvar med modellen har vi sett av midlar til satsingstiltak og til investeringsmidlar etter spesielle prioriteringar.

Verknaden av den låge studiepoengproduksjonen i 2007 og 2008 har vi fått merke spesielt i 2009- og 2010-budsjetta. Dersom vi ikkje hadde bygd opp avsetningar i åra frå 2005 til 2006, ville vi fått store problem i 2010 og 2011. I 2012 vil situasjonen rette seg, og vi budsjetterer med at dette året vil gå om lag i balanse. Frå og med 2013 vil vi igjen kunne auke avsetningane våre.

Resultatet av studiepoengproduksjonen i 2011 er at vi i 2013-budsjettet vil få ein auke i den resultatbaserte løyvinga på 10,5 mill kr.

Presentasjon av den fordelte ramma for 2012

Avdeling	Fordelt internt måltal frå 1.1.2012	Studie- poeng i 2010	Studie- poeng i 2009	Fordelt løyving til ordinær drift 2012	Saman- likning frå 2011	Fordelte satsingsmidlar og stipendiatur- midlar i 2012	Sum fordelt ramme inkludert satsing og stipendiatar i 2012
AKF	456	405,0	425,4	24 006	23 010	3 523	27 529
ASH	661	567,2	554,8	33 590	31 199	2 292	35 882
AMF	283	273,6	257,5	20 788	19 128	922	21 710
AHL	952	711,2	666,2	50 026	47 530	3 719	53 745
Ivar Aasen-instituttet	10	12,3	8,0	939	797	950	1 889
Fellseadm				32 545	30 899	1 040	33 585
Felleskostnader				65 433	62 579	2 089	67 522
Utsett/sentral fordeling		4,0		4 000	4 873	4 908	8 908
SUM	2 362	1 973,3	1 911,9	231 327	220 015	19 443	250 770

Heile tusen kroner

Fordelte satsingsmidlar

	2012	2011
Kompetanseutvikling	3 615	2 805
Spesielle satsingsområde ("skjønnsmidlar")	3 100	2 780
Internasjonalisering	190	200
Administrative utviklingsprosjekt	600	500
Rekruttering, kvalitetssikring, evalueringar med meir	741	1 000
Strategiske midlar for utdeling gjennom året	1 500	1 585
SUM	9 746	8 870

Heile tusen kroner

Avdelingane har høve til å leggje inn eit driftsbudsjett for 2012 som avvik frå den fordelte ramma for året. Det vert gjennomført eit dialogmøte med avdelingane før driftsbudsjettet for 2012 vert endelig godkjent.

I 2011 forskotterte vi kr 250 000 av 2012-løyvinga, og rest til fordeling 2012 er kr 7 997 000
Fordelte midlar til investeringar:

PC-ar til studentar og tilsette	592 (Felleskostnader)
Nettverk, datalagring, programvare med meir	1 558 (Felleskostnader)
Videokonferansesystem	450 (Felleskostnader)
Tilgangskontroll	200 (Felleskostnader)
Ombyggingar, ventilasjon mm	800 (Felleskostnader)
Kopimaskiner, AV-utstyr med meir	1290 (Felleskostnader)
Diverse inventar møte- og undervisningsrom	395 (Felleskostnader)
Teleslynger og drikkevasskjølalar (LMU)	200 (Felleskostnader)
Utstyr til biblioteket	90 (Felleskostnader)
Utstyr knytt til medieutdanningane	1 170 (AMF)
Utstyr knytt til dei praktisk-estetiske faga	1 156 (AKF)
Utstyr knytt til realfag	96 (AHL)
SUM fordelt	7 997

Heile tusen kroner

Ein samla presentasjon av budsjettfordelinga for 2012 er rapportert til DBH.